

Mitt Fedreland - Godnatt!

Av George Gordon Byron

Farvæl, farvæl, mi fedrestrand
bak havet kverve stilt,
kveldvinden sukker, bylgja kvin
og maasen skrike vilt.
Den sol, som ned bak havet dreg,
me fylgjer no so radt.
Farvæl, farvæl te den og deg,
mitt fedreland -godnatt.

Um timar faa ho stig av kav
og lyser yve land,
og eg skal helsa himmel, hav,
men ei mi fedrestrand.
Min eigen heim stend aud og tom
og aaren utan eld,
paa voll og tun veks ville blom,
og hunden gjøyr mot kveld.

Kom hit, kom hit, min vesle gut!
Kvi græt og jamrar du?
Du kanskje skjelv for vindens tut
ell' ræddast stormens gru?
Men turke taara fraa ditt kinn,
vaar skut' er sterk og rapp,
den fljote falk, som kløyver vind,
kan ei gaa med i kapp.

Lat vindar yla, bylgjur gaa,
dei sakar ikkje meg.
Men du maa ikkje undrast paa,
at endaa sorgi gneg.
For vegen burt fraa far min ber
og fraa mi mor,
eg hev ei andre vener her
enn deg og Herren stor.

Umsett av O.H.S

("Den 17de Mai, 24. des. 1895") Medteki i Eldskrift utgjevi av Bragr i 1977



Norrønafofket, det vil fara

Målmannen hev kome litt ut or ruta, millom anna av di redaksjonsmedlemene hev vore på reise fot. Me trur likevel at denne reisingi kjem til å svara seg i lengdi. Ein treng å sjå seg um og sanko nye impulsar. Den norske målstriden er merkt av vantande evna til å sjå stort på målsaki, og eit blad som Målmannen vil ikkje lata seg fanga av vanetenkjing. Me vil derimot vekkja til nytenkjing. I staden for å lata det norske målet døy av tankeløysa eller med medviti eller umedviti nedbrjoting, må me sjå til dei målreisingane som hev vore vellukka og som kann gjeva styrkje til vår eigi målreising. Målreisingi på Færøyane er absolutt ei målreising å gjeva gaum på i so måte, og me bed lesarane bita seg merke i stykkjet "I vesterleid".

I dette nummeret:

Torbjørn Greipsland:	Eliezer Ben Jehuda var Israels Ivar Aasen	s. 2
Olav Torheim:	Ingen hev bruk for utvatna nynorsk	s. 3
Olav Torheim:	Då jihad-terroren kom til Tyskland	s. 4
Thoralf Bergwitz:	Er det skamfullt å vera norsk nordmann?	s. 5
Kenneth Kiplesund:	Sveitsarstilen i Noreg	s. 6
Olav Torheim:	Ei vandring gjennom Alsace	s. 8
Svanhild Hopsdal:	Barnekulturen	s. 9
Lars Bjarne Marøy	I vesterleid	s. 13
Lars Bjarne Marøy	Plasten si saga i Noreg - Part 2	s. 15

Eliezer Ben Jehuda var Israels Ivar Aasen

Av Torbjørn Greipsland

Lagar foreldri gávor til borni, er det gjerne leikor eller ty. Ben Jehuda gav borna sine noko heilt anna, han laga nye ord som dei skulde taka i bruk heime og ute.

Ivar Aasen greidde oppgåva med å laga eit nynorsk normalspråk basert på dialektane. Han kunde lyda til dei ordi folk bruka i kvardagen og til fest.

Eliezer Ben Jehuda kunde ikkje lyda til folket si daglegtala. Det hebraiske språket var reservert for dei heilage synagogene, og hadde ikkje vore bruka i daglegtala på 2500 år. Difor laut han laga ei rad nye ord, anten det galdt sykkel eller fly.

Ivar Aasen møtte motstand frå dei som vilde halde på det danske språket. Ben Jehuda møtte endå sterkare motstand, og det frå rabbinarane som meinte det var å vanhelga det hebraiske språket um det skulde nyttast i daglegtala. Motstandet var so stort at det kunde ha kosta Ben Jehuda livet

Aasen reiste på kryss og tvers i landet for å klara si oppgåva.

Ben Jehuda laut reisa til mange land i Europa, både for å leita i gamle brev og bøker, og for å få hjelp til finansiering.

Aasen vann ein stor siger då nynorsk vart jamstelt med riksmål.

Ben Jehuda vann ein endå større siger: Ikkje berre vart hebraisk jamstelt med engelsk og arabisk i jødane sitt nye heimland, det vart med kvart fullt akseptert av alle jødar.

Og endå meir utruleg: Hebraisk vart-modernisert og fornya av Ben Jehuda slik at det vart eit fullverdig språk, til bruk i alle åføre.

Noko liknande hev aldri hendt fyrr eller seinare i soga åt noko folk.

Og den ordboki som Ben Jehuda fekk utarbeidd, jamvel um ikkje alt var ferdukt då han døydde i 1922 i Jerusalem, er eineståande i all verdsens målsoga.

Frå Litauen

I boki "Eliezer Ben Jehuda. Han gjenskapte Israels språk" (Lunde Forlag) hev Tarje Noraberg skrivt ein biografi um denne mannen. Han var fødd i Litauen, som då var ein part av Russland, i 1858. Eternamnet var då Perlman, seinare Elyanof, fyre han brigda namnet til det hebraiske Ben Jehuda.

Han fekk utdanning både på heimstaden og seinare i Paris. Han emigrerte til Palestina i 1881. Det var 17 år fyre

Theodor Herzl gav ut boki "Jødestaten". Med di han gjorde det praktiserte Eliezer det han lærde, at jødane skulde samlast i deira gamle heimland.

Arbeidde 17-18 timar.

Dei hygieniske tilhøvi i Jerusalem på slutten av 1800-talet var elendige. Kloakken flaut kring husi.

Eliezer var sjukleg i heile det vaksne livet. Som ung hadde han fenge tuberkulose. Gong etter gong sagde lækjarane at han livde på yvertid.

Han vart gift med Deborah, som han kjende frå Litauen. Dei fekk fem born. Ho med fekk tuberkulose, smitta av mannen, og døydde ung.

So gifte han seg med den 19 år yngre systeri hennar, Pola, som tok namnet Chemda.

Familien var fatig. Men jødar i mange land gav gávor til avisa han gav ut, og til arbeidet med ordboki, Ben Jehuda sitt livsverk

Likevel er det som å lese um under på under at dei greidde seg so godt som dei gjorde. Han kunde vere totalt utsliten, sov snaut og åt lite. Han arbeidde 17-18 timar i døgeret, anten stod han, eller sat han når han skreiv. Han var mange gonger åt å gjeva upp. Men han vart oppmuntra, fyrst av Deborah, so av Chemda.

Heilag stund

Eliezer laut reisa for å samle ord, kona Chemda reiste til etter måten mange land for å få pengar til arbeidet.

Og til prenting. Fyrste bindet vart prenta i Tyskland. Det var ei heilag stund for Chemda og Eliezer då dei heldt det i

hendene.

Fyrste bindet vart dedikert til baron Edmond Rothschild, som hadde studd honom med pengar. Det var på 600 sider. Men det femnde berre um tvo av dei 22 bokstavane i det hebraiske alfabet. Då Ben Jehuda døydde i 1922, var fem bind ferduge.

30.000 menneske kom i gravferdi. Han vart gravlagd i skråningi upp mot Oljeberget.

Fullførde arbeidet

Chemda og borna, som i heimen berre måtte tala hebraisk, stod reiduge til å fullføra verket. Dei fekk hjelp frå mange. I 1951 var det kome 13 bind, av i alt 16. Dei siste vart ferduge med studnad frå staten Israel. Samla sidetal er um lag 10000.

Ben Jehuda fekk ikkje sjølv uppliva FN-vedtaket i 1947 um at jødane skulde få ein part av sitt gamle heimland, og helder ikkje 14. mai 1948 då staten Israel vart fødd. Men det var ei heilag stund for honom då Balfour-fråsegnen um at jødane skulde få eit heimland kom i 1917, og då den britiske høgkommissæren ei tid seinare stod i synagogen i Jerusalem og las frå Toraen på hebraisk.

Noraberg skriv at Ben Jehuda hadde aldri makta dette arbeidet åleine. "*Uten de to fantastiske konene ville hele hans livsverk gått opp i røyk*".

Noraberg spyrr dessutan um kva Israel hadde vore utan familien Ben Jehuda. Han skriv at det greidaste svaret er dette: "*Da måtte Israels Gud ha funnet en annen*".

KPK.



Senter
mot
antisemittisme

Telefon:
21 94 00 00

Epost:
post@antisemittisme.no

Web:
www.antisemittisme.no

NIS-info

Bladet for deg som:

- Vil vita meir um Israel og jødedomen
- Ynskjer meir kunnskap um assyrarar, koptarar, kurdarar og andre folkeslag som dagleg vert tynte av arabiske okkupantar
- Etterlyser meir sakleg og balansert informasjon um stoda i Midtausten
- Et Jaffa-appelsinar og Carmel-potetor med god appetitt og godt samvit!

NIS-info vert fritt sendt til 20.000 husstandar. Friviljugt støtteabonnement kr 250. Kontakt oss på post@antisemittisme.no eller NIS-info, Øvre Ullern Terrasse 51, 0380 Oslo.

Ingen hev bruk for utvatna nynorsk

Av Olav Torheim

I det seinste hev Aftenposten teke inn ei rad kronikkar og lesarbrief frå folk som alle hev det sams at dei er tidlegare nynorskbrukarar som klagar yver at nynorsken er altfor ulik bokmål. Svarinnlegget nedanfor vart nekta innteke i avisa:

I kjølvatnet av forfattaren Brynjulf Jung Tjønn si konvertering frå nynorsk til bokmål freistar Anne Viken i eit innlegg frå 22. april å draga i gang eit nytt ordskifte um "den ubrukelege nynorsken". Hovudpunkti i argumentasjonen hennar er no som tidlegare at dagsens nynorsk er altfor inkonsekvent til at det er mogleg å nytta honom rett. Anbeheiteelse-ordi til dømes, som det i år er ti år sidan Språkrådet sist gong diskuterte, er millom formene som det er uråd å vita kva tid ein kann nytta og ikkje. Og dette er praktiske problem som alle som nyttar nynorsk ser, men som "nynorskforkjemparane" ikkje er viljuge til å diskutera, meiner Viken.

Eg skal ikkje segja at innlegget hennar Viken er skivebom, men kanskje ho skulde ha justert siktet litt og dessutan sett til at det er rett skiva ho retter skytset mot? For "nynorskforkjemparane" er ingi einsarta gruppa.

På den eine sida finn me ein flokk som hev vore tilhengjarar av det dei kallar "talemålsnær nynorsk". Desse hev arbeidd for ein nynorsknormal med størst mogleg valfridom - og ikkje minst eit størst mogleg utval av bokmålsord - slik at kvar og ein kann setja seg ned og setja i hop den nynorsken som han sjølv tykkjer høver best med eige talemål. Den nynorsken me hev i dag er resultat av den målpolitikken som talemålsflokken hev slutta upp um.

På den andre sida finn me ein flokk som i årevis hev tala um problemi som den inkonsekvente nynorsken fører med seg, um bokmålsveldet i kvardagen og ikkje minst fråværet av ein klår og tydeleg nynorsknormal. Desse hev teke til ords for ein nynorsk som skil seg sopass skarpt frå bokmålet at ein slepp å sitja med ordlista og slå upp på kva slags bokmålsord som er lov å nytta og ikkje.

Um det er den fyrste flokken som Viken retter skytset mot, so skal eg vera samd med Viken i at desse kanskje ikkje ser problemet - eller rettare sagt, dei ser ikkje at det er den bokmålutvatningi av nynorsken som dei sjølve hev studd upp um som hev skapt eit problem (ikkje minst gjeld dette Det Norske Samlaget som i alle år hev gjeve ut skulebøker med dei nynorskformene som til kvar tid ligg nærast upp mot bokmål). Men um det er den andre flokken Viken gjeng til felts mot, so må eg få lov å slå fast at me slett ikkje er usamde

um at det finst eit reellt problem for nynorsken - derimot er me kanskje usamde um korleis me skal koma til kjernen i problemet?

For dersom problemet er at nynorsken er for uklår andsynes bokmålet, med di det er sume bokmålsformer som er lov å nytta og andre som ikkje er det, hev ein tvo alternativ. Det eine alternativet er å sleppa til stødt fleire bokmålsord, slik at flest mogleg kann kjenna seg sikre på at det ikkje er eit problem å nytta ein nynorsk som er full av bokmålspåverknad. Det andre alternativet er å gå hin vegen - kutta ut mest mogleg at det bokmålstilfanget som er i nynorsken i dag, og freista reindyrka nynorsken som eit sjølvstendig mål med eit klårt ideal og ein klår identitet.

Og gjer ein det siste, treng det ikkje verta verre å skriva god nynorsk under bokmålsveldet som det for den saks skuld er å skriva god engelsk eller god tysk utan bokmålspåverknad. For problemet med det fyrste alternativet er at ein ikkje løyser problematikken med grensdragning andsynes bokmålet, ein berre flytter honom. Og ein nynorsk der mest mogleg bokmål er lovleg vert til slutt so utydeleg og veik at den ultimate løysingi, der ein segjer at alt bokmålstilfang må verta lov, kjem til å pressa seg fram: til sjuande og sist kann nynorsken gjerast til ei samling med klammeformer innanfor den eksisterande bokmålsnormalen (so fær ein helder problemet med at nynorskfolk lyt slå upp i bokmålsordlista um kva slags "konservative" nynorskformer det er lov å nytta og ikkje).

Viken kjem naturleg nok til å protestera på at dette er endemålet, men dei fundamentale problemi ho peikar på - og som ho meiner "nynorskforkjemparane" ikkje tek alvorleg - vert ikkje løyste fyre me er komne ned til dette nivået. Etter vårt syn er bokmålstilfanget i nynorsken soleides ein part av problemet, ikkje ein part av løysingi. Hadde den nynorsken som finst vore meir fylgjerett og einskapleg, vilde nynorskelevar flest verta meir enn nok eksponerte for nynorsk til at dei hadde greidd aa skriva nynorsk rett.

Å segja at det må vera fritt fram for å blanda nynorsk og bokmål um ein annan av di det er so mykje bokmål ikring oss er å kapitulera for bokmålspresset. Vil Viken at nynorskbrukarane i framtidi skal få det valet at anten skriv dei eit korrekt og stilreint bokmål eller so må dei finna seg til rettes i ei vilkårleg blanding av bokmål og tidlegare nynorsk? Og kva med lærebokforlagi som heile tidi pressar på skuleelevane dei formene som til kvar tid ligg nærast upp til bokmål?

Målmannen

Utgjevar:

Samorganet Målmannen

Tilskrift:

Målmannen
Natland stud. by S136
5081 Bergen

Bladstyrar:

Olav Torheim
olaveth@start.no
Tlf 55 28 23 70
Mobil 99 15 64 28

Netstad:

<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

Målmannen fylgjer redaktørplakaten.l

Dersom det til dømes er problematisk å vita kva slags anbeheiteelse-ord som er lovlege å nytta og ikkje, so kutt heilt ut desse ordi då! Dyrk helder språket og gjer det rikare og betre! Skriv nynorsk so godt at det vert normdanande for andre!

Det krev ikkje ein gong den heilt store innsatsen å få til dette - det krev fyrst og fremst at nynorske skribentar og intellektuelle, på same måten som når dei skriv bokmål, startar med å ikkje lata vera å nytta eit godt norskt ord av di det ikkje er "dialektnært" eller "moderne" nok å nytta. Og det krev dessutan at ein hev vurdning for dei som hev lært seg eit godt språk. For dersom ein freistar skriva god nynorsk i dag, er fåren stor for at ein slett ikkje vert møtt med ovundring millom andre nynorskingar - men snarare med irritasjon yver kvifor ein skriv so "gamaldags" og "talemålsfjernt" og "unaturleg".

For dagsens nynorsk er litt av ein balansegang: ikkje berre skal ein lata vera skriva altfor gamaldags og talemålsfjernt, ein skal samstundes helder ikkje nytta andre bokmålsformer enn dei som slumpesamt er lagde inn i ordlista. Det segjer seg sjølv at dette vert for vandslegt for dei fleste, men som eg alt hev peika på so finst det meir enn ei mogleg løysing på problematikken. Vågar Viken og meiningsfrendane hennar å diskutera andre løysingar enn dei som berre gjeng ut på å byta til bokmål eller gjera nynorsken mest mogleg lik bokmål?

Då jihad-terroren kom til Tyskland

Av Olav Torheim

*"Der Deutsche Dschihad",
Annette Ramelsberger,
Econ,
2008*

Kor stor fære er det for at det vert ein ny og spektakulær terroraksjon i nær framtid? Kann me koma til å uppliva eit nytt 11. september i hjarta av Europa - eller er det berre noko som høgoreorienterte politkarar hev funne på for å legitimera krigen i Irak og andre åtgjerder som er til meins for muslimar? Dei som framleis trur på det siste burde lesa boki "Der Deutsche Dschihad" av Annette Ramelsberger. Her dokumenterar ho til fullnads at det berre er umfemnande yvervaking - og ein god porsjon flaks - som hev gjort at det ikkje for lenge sidan hev kome til nye og dødbringande aksjonar i sambandsrepublikken Tyskland. Meldingar um islamistiske terroristar som planlegg nye åtak hev i realiteten kome jamnt og trutt, men problemet er at desse sakene berre vert stutt nemnde i media der og då, og so vert dei gløymdre att. Ramelsberger hev laga ein heil systematikk ut or det heile.


Journalisten Annette Ramelsberger hev fylgt flestalle terrorrettssakene i Tyskland. Ho høyrer til dei fæe som kjenner dei heilage europeiske krigarane frå innsida. I boki hennar fær lesarane eit lite innblikk den avstengde verdi deira. Og det er skræmmande lesnad. At terroråttaket den 11. september millom anna vart planlagt frå Hamburg er berre toppen av isfjellet.

Islamsk radikalisering

Etter 11. september er muslimane i Europa vortne meir og meir radikaliserde. Ikkje minst gjeld dette tyrkarane som tidlegare hev vore sekulære. No byrjar stødt fleire å kle seg islamsk og fylgja det fundamentalistiske islamske livesettet. Millom ungdommen er dei islamistiske sympatiane tydelege - fotballag er byrja kalla seg for "Osama-boys" og jihadistisk rap-musikk hev høg popularitet. Berre ein liten prosent av dei 3,2 millionane med muslimar som liver i Tyskland vert rekna som jihadistar, men denne vesle prosenten svarar likevel til minst nokre tusundtals menneske. Den tyske njosnartenesta reknar 300 av desse som "gewaltbereite Islamisten" - islamistar som er reiduge til å gå til valdeleg aksjon kva tid som helst, og som difor vert haldne under konstant oppsyn.

Terroristane gjeng til aksjon

Kritikarar av antiterroriltaki hævdar gjerne at



tiltaki gjer livet vandslegare for folk flest. Her kann eg til dømes nemna alle dei umstendelege åtgjerdene som vert gjorde på flyplassar og dilikt. Men på same måten som det er med sjølvordterroristar i Israel, på same måten er det i Europa: Dei fleste terroristane når aldri fram til måli sine, nett av di tryggingstiltaki er so strenge som dei. Det er ikkje tryggingstenestene som søv, det er politkarane og folk flest. Og her skal de få nokre døme på kor nær på det hev vore:

Tvo libanesiske innvandrarar plasserte i juli 2006 kvar si kuffertbomba på kvart sitt tog på jarnvegstasjonen i Köln. Den einaste grunnen til at bombone ikkje detonerte var at gassblandingi var for feit. Då etterforskarane seinare modifiserte bomba og fekk henne til å eksplodera, var eksplosjonen so kraftig at det var nær på at dei ikkje strauk med sjølv. Ein reknar med at minst 80 menneske hadde vorte drepne um bombone hadde gjenge av. So nær var Tyskland å få sitt Madrid og London.

I september 2007 vart det kjent at tri attentatmennar frå Sauerland hadde bygt ein feriebusstad um til bombefabrikk, og her var dei alt godt i gang med i koka i hop kjemikali sine. Planane gjekk millom anna ut på å detonera bilbombar utanfor diskotek og andre stader der "amerikanske slampar" ferdast. Tvo av gjerningsmennene var tyske konvertittar, fødte og oppvaksne i Tyskland, men fanatiserte som vaksne. Den tredje var andregenerasjons innvandrar frå Tyrkia - med andre ord born av dei som for nokre tiår sidan kom som "gjestearbeidarar". Og den eine av gjerningsmennene hadde jamvel arbeidd som konduktør på jarnvegen og som tryggleikskontrollør på den internasjonale flyplassen i Frankfurt.

Sumaren 2006 vart ei gruppa med sju unge tyrkarar og tyske konvertittar tekne då dei vilde kapra ein tankbåt og sprengja honom rett framfor ein utandørskonsert med 3500 menneske i nærleiken av Rhein-Herne-

kanalen i Gelsenkirchen. Ein kann berre tenkja seg kva slags masse mord det kom til å verta um dei hadde lukkast med planane.

I 2002 vart eit tjuetals menneske, av desse fjortan tyske turistar, drepne i ein sjølvordsbombeaksjon utanfor ein gamal jødisk synagoge i Tunis. Terroristen som stod attum åttaket hadde vore på terrortreningslæger i Afghanistan saman med ein tysk konvertitt. Den same dagen som terroristen sprengde seg i lufti, hadde han ringt til Tyskland og utveksla religiøse helsingar med sin tyske konvertitt-ven. For utanforståande lyder det truskuldig nok, men etterforskarane i Tyskland er yvertydde um at det i realiteten var den tyske konvertitten Christian G. som sjølv gav det endelege klårsignalet til terroraksjonen som tok livet av 14 av hans egne landsmennar. Christian G. hadde vakse opp som katolikk, men konverterte til islam som 20-åring og på treningslæger i Afghanistan hadde han vorte kjend med Osama Bin Laden personleg.

Terrorrens infrastruktur

Både innvandrarar og etnisk tyske konvertittar reiser til treningslæger på den pakistansk-afghanske grensa - her vert dei lærde opp i terrorisme. Vel attende i Vest-Europa ventar dei berre på klårsignalet til å gå til aksjon.

Internett spelar ei sentral rolla i det fundamentalistiske muslimske miljøet - og ikkje berre til å spreida videoar som varslar terror og død i Vest-Europa og Amerika. Då dei tri terroristane frå Sauerland vart tekne, undrast etterforskarane korleis dei tri kunde ha halde kontakten so lenge utan at det fanst noko spor etter det, korkje på telefon eller epost. Seinare kom det for ein dag at framgangsmåten åt terroristane gjekk ut på å leita etter usikre trådlause nett og diskutera med einanannan frå stødt nye og ukjende lokaliseringar. På denne måten var det uråd å oppdaga sambandet millom dei tri.

Dei tyske konvertittane er hev ofte vore skilsmålsborn med liten vaksenkontakt - som seinare hev funne seg til rettes i muslimske kringvære. Sume hev havt eit hardt liv, men upplivde at muslimske familiar plukka deim upp og fekk deim på "betre tankar".

Etter å ha lese boki hennar Ramelsberger, må ein berre undra seg kva tid terroristane endelegt kjem til å lukkast med ugjerningane sine. Det er greidd nok at ein kann ha flaks både fire, fem og seks gonger på rad, men fyrr eller seinare kjem det nok til å smella...

Er det skamfullt å vera norsk nordmann?

Av Thoralf Bergwitz

Spursmålet er stelt på ei onnor vis - og i ei onnor språkdrakt - i Arendals Tidende for 10. januar 2007.

Det som vert påtala i innlegget, er det vandslegt å vera usamd i. Det tykkjest vera noko som vantar i vanleg høvisk framferd når nye landsmenn - frå andre kulturar - stend fram i media og skal lære oss korleis me skal ordleggje oss, og kva me skal leggje i ordi og utsegnene våre. Ja, endåtil skal dei avgjera kva me skal meina med det me er vane med å segja og å meina i dei høve som me aldri hev meint noko nedsetjande med ordi våre. Ein mogleg kritikk av ordbruk hjå nordmenn reint ålment, måtte vera sers varsam - og langt frå i den tonen som me var vitne til i fjernsynsprogrammet som det delvis var synt til.

Men - men - kven er det som ikkje sit i glashus av sokalla norske nordmenn?

Og kven er det ikkje - av "norske nordmenn" - som ikkje hev drivi - og framleis driv - eit mykje sterkare yvergrep mot den og dei som freistar å vera ekte nordmenn. enn det sporadiske som er komi frå våre nyaste nordmenn frå andre kulturar? Me tarv ikkje fara langt av stad fyrr me kann finna noko av den verste skikanen som - gjennom mange år er rett mot det norske tungemålet. Alle kjenner den "ovvittige" sketsen som Leif Juster og Ernst Diesen hadde rollene i - der me fekk servert ei mengd "rare" ord som skrævarokk for sykkel, og mykje anna. Det heile hadde ingi anna fyremål enn å tilsulke rotekte norsk tungemål.

Ei avis her på staden, dagsavis, låg ikkje langt etter denne lättleggjeringi av rotekte norsk tungemål i samband med utgjevning av ei bok på dette - i det norske Noreg - "so heilt bak mål"-språket som denne historiske boki var skrivi på.

I dette høvet tykkjer eg det kann vera på sin plass å minna ørlite um kva som hev hendt ørlite grann tidlegare i saga vår. For berre ein liten illustrasjon av kva som i røyndi hev hendt med det norske folket, som ein stor part av folket tykkjest helst vilja gløyma, so vil eg syne til eit framandord - integritet.

Dette ordet integritet - det tykkjest vera det mest verdfulle ordet som finst for alle folkeslag på planeten vår. I Norsk riksmålsordbok er dette tolka som *helhet* eller *uskaddhet*. Dette tykkjest vera teki beint ut or Framandordboki frå Gyldendal. Store norske Leksikon er meir raus i si uttyding av ordet. Her vert integritet tolka som *uskaddhet*, *sunnhet*, *helhet*, *uavhengighet* og *ukrenkelighet*. Ordet er dessutan - i ei fornorskingsordbok frå Norlis

Forlag - tolka som *umissande*. Den siste tydingi syner sterkast til at det her dreier seg um det aller mest verdfulle av det eit menneskje eller eit folk eig - eller ynskjer å eiga.

Kva er so det mest verdfulle som menneskje - eller eit folk eig - eller ynskjer å eiga? Svaret er gjevi i dei tydingane som her er henta fram - det er sjølve fridomen til å vera seg sjølv. Det vil segja - dersom eit menneskje - eller eit heilt folk - vert fråteki sin integritet - so vert det fråteki det mest verdfulle som det eig - eller ynskjer å eiga.

Kva er det so som gjev eit folk sin integritet? Store - sterke herskarar - hev gjennom tidene skyna - at dersom herskingen skulde verta fullenda - so laut folket fråtakast - *fråranast* - sin integritet - som alltid hev vori sjølve tungemålet åt folket. Herskarar som hev nytta seg av dette yvergrepet er Karl den Store og Wilhelm landevinnar (Erobrar). Den sistnemnde hertok England i 1066 etter at den norske kongen - Harald Sigurdson - bror åt helgenkongen vår - leid eit smerteleg nederlag i freistnaden på å hertaka landet. Wilhelm sette seg dugeleg fast i England - visseleg avdi han kom so langt med avenglifiseringi si - gjord med makt og yvergrep på folket.

Som kjent - for den - eller dei - som ikkje ynsker å ljuga burt at me sjølve er frårana vårt eigi tungemål - so vil eg minna um eit eklatant døme på kva me - det verkelege norske folket - hev vori utsett for. Ein av dei mektigaste danske herskarane gjennom vetternatti - Ove Høegh Guldberg - sa (vedgjekk) : *Det gives ingen nordmenn mer - alle er borgere av den danske stat.*

Dette hev vori so effektivt gjennomført at den tids innvandrarar - dei danske embetsmennene - tok styring yver all offentleg skrivning i baa landi. Ikkje mange innvandringsnordmenn vil vita av denne historiske sanningen, men kong Haakon - som var eit ærlegt menneskje - han vedkjende den syrejelege røyndomen i eit intervju med Norsk Barneblad i 1935, der han segjer: *Det er jo dansk det språket som vi snakker og skriver her i landet - det ble jo innført av de danske embetsmennene. Disse herrer skulde jo selv ha lært seg norsk - i stedet begynte deres undersåtter å lære seg dansk. Jeg tror at det norske målstrev vil gjøre mye for å fremme den norske nasjonalitetsfølelsen.*

Kven det - i realiteten - er flaut for - å (være) - gjeva seg ut for å vera - ekte norsk - det skil kva den einskilde hev som ryggdekning for det han segjer.

Når skal resten av målrørsla skyna at det faktisk er eit mål me arbeider for, og at bygnaden og utsjånaden åt dette målet er fundamentet for heile målsaki?

NMU-talsmann 1992

"...mælt upp mot dei umbrøyti samfundet har gjenge igjenom etter krigen, vert rettskriving ei nokso tunn forklåring på eit samfundsspørsmål som norsk språkval. Konklusjonen min vert at det ikkje er utsjånaden på målet som avgjer framgangen for nynorsk - innan visse grensor."
Bård Eskeland,
Vestmannen nr. 4 1992.

"...Det er ikkje dårleg nynorsk som er hovudfienden åt måldyrkingi, men bokmålsveldet, som stend attum all tyning av norsk mål."
Bård Eskeland,
Vestmannen nr. 4 1992.

Redaksjonell umtala av talsmannen

"Det er grunn til å merka seg at eitt av møti var eit sammøte med Vestlandske Målungdom og Vestlandske Mållag. Mykje ungdom møtte, og talsmannen deira, student Bård Eskeland, bar fram Vestmannasynet på norsk målreising."
Vestmannen nr. 4 1992,
Redaksjonelt.

Vestmannasynet

"Å blanda det nynorske målet upp med, eller jamna det til etter det danskætta målet i landet, bokmålet, vil etter vårt syn føra til full undergang for nynorsken og til utøydning av norskdomen. All røynsle til denne dag peikar den vegen."
Vestmannalaget i 110 år,
s. 338.

Målsaki er ei målsak

"For at målrørsla skal få ein større plass i det offentlege romet ynskjer Hoel å gjera målsaki til ei kultursak. Mi meining er at det ikkje er rett å utvida målreisingi på denne visi, at det ikkje finst grunnlag for noko slikt innanfor målreisingi."
Klaus Johan Myrvoll
Mål og makt, nr 3 2000.

Dvergemålet

Sveitsarstilen i Noreg

Av Kenneth Kiplesund

Innleiing

I denne artikkelen vil eg fyrst gjera stutt greida for søga åt den byggjestilen som vert kalla sveitsarstilen. I neste bolc vil eg taka fyre meg karakteristiske drag ved denne stilen. So vil eg sjå på korleis desse prinsippi tek seg ut i praksis. Til sist vil eg dryfta kvifor sveitsarstilen kunde verta so umtykt her i landet.

Historia

Sveitsarstilen kom til Noreg um lag 1840. Stilen kom frå Tyskland, og han som introduserte honom i Noreg var slottsarkitekt Linstow. Han fekk bygt Garden si vaktstove ved slottet i Oslo. Denne er i sveitsarstil. Stilen breidde seg snøgt ut yver landet, og vart ovlegt umtykt. *"Ein kan seie det så sterkt at all nybygging og ombygging på slutten av 1800-talet var påverka av den nye stilretningen"* (Sunnfjord Museum 2006). Dei fyrste sveitsarhusi var som oftast på landsbygdi. I byrjingi hadde dei ofte eit symmetrisk grunnplan, eit krossplan med veranda på midten. Med kvart vart dei som oftast asymmetriske. Til å byrja med var takvinkelen låg, men med kvart vart denne nokso mykje hevja.

Ein brukar å segja at stilen vart spreidd utyver i landet med jarnvegen. Grunnen til denne utsegnen er at mange stasjonsbygningar vart bygde i sveitsarstil. Dette skjedde ofte med busetnaden kring stasjonen au. Me fekk ein "stasjonsby". Ein annan grunn til at stilen spreidde seg so mykje, hev med stor byggeaktivitet kring um på bygdene å gjera. I 1821, 1857 og 1882 vart det mykje jordteig-utskifting. Dette førde til at nye gardar vart bygde på kvar sin teig. Dei nye våningshusi som vart eit resultat av dette, var ofte bygde i sveitsarstil.

Typiske trekk

Sveitserhusi høvde svært godt inn etter norske tilhøve, i motsetnad til det som hadde vore vanleg før, murhus. Murhus var ikkje naturlege i norskt hopeheng, det naturlege byggjetilfanget var tre. Sveitsarhuset hadde mange drag som var nye, med omsyn til korleis husi var bygde fyre denne stilen vart teken i bruk. Dette nye innebar ikkje berre ei stilendring, *"men (...) nye prinsipp for materialbruk og en ny "estetisk logikk" (...)* *"Når man bygde i tre, skulle man utnytte treets*



Sveitsarhus frå Tangen i Heidmark - byggjeår 1917. Verandatilbygg mot hagen. Utformingi av krysslstone rundt krysspostvindaugo var typiske for byrjingi av 1900 tallet. Krysspostvindaugo (sveitsarvindaugo) var typiske for sveitsarstilen. Skifer på taket gav ei svært holdfôr tekkjing. Liggjande panel i bae høgder.

egenskaper, for eksempel ved at trekonstruksjonene ble gjort synlige og ikke dekket til, og at man utnyttet det dekorative mulighetene som fantes i selve treverket, blant annet panelet" (Indresøvde (red.) 2006: 53).

Noko nytt som sveitsarhuset kom med, var verandaen. Han vart ovlegt umtykt. Verandaene fekk ulike utformingar: Nokre av dei var ute i friluft, verna av eit tak. Her kunde ein nytta ettermiddagskaffien ute i soli. Andre var bygde inne, sumtid var desse verna av glas. Slik kunde ein gjera sumarsesongen lenger. Det var nokso vanleg å ha ein glasveranda som var vend mot hagen, med ein open terrasse i andre etasje. *"Et viktig kjennetegn ved sveitserhuset er det fremskutte midtpartiet med en stor veranda overdekket av en dekorert galv"* (Norges Eiendomsmeidlerforbund 2006)

Ein høg grunnmur er eit anna sentralt drag ved sveitsarhuset. Den høge grunnmuren var tufti desse husa var bygde på. Slik kom huset høgare opp frå bakken, dette hindra råme og røte. Ein høg grunnmur gjorde òg sitt til at ein fekk ein mykje større kjellar enn ein hadde havt tidlegare. Dette gjorde at ein fekk større plass enn fyrr til å lagra ting, t.d. blomemollar og reidskap. I tidlegare husslag hadde det som regel vore låkt stell med kjellarar. Det var soppas sparsamt, at mange hus hadde det ein kan kalla krypekjellarar. Nedgangen til kjel-

laren finn ein som regel utvendes på huset. Denne løysingi gav betre plass inne.

Rutone på vindaugo var større enn dei hadde vore på tidlegare hus. Dette kom av industrialisering, det var mogleg å masseprodusera glasarutor. Krysspostvindauga var noko som kom med sveitsarstilen. Denne typen gjorde det lettare å lufta på ein effektiv måte. Vindaugo var òg etter måten høge, og glasarutone var store. Dette gjorde at vindaugo sleppte inn mykje ljøs. Det vart òg vanleg med farga glas i vindaugo. Kring 1905 kom krysslising i bruk au. Slik sèt vart sveitserhusi sunnare å bu i enn husi hadde vore i tidlegare tider.

Noko som var viktugt for ein byggherre når han bygde eit sveitsarhus, var at han ikkje skulde dylgja kva materiale han hadde nytta: *"Teglstein eller naturstein i grunnmurer og piper bør ikke dekkes til, men framtre med sin naturlige overflate"* (Indresøvde (red.) 2006: 55).

Høgnorsk

Målet som ikkje vil døy:

<http://sambandet.no/ordlista>
<http://sambandet.no/grammatikk>

Det som vart mest konsekvent gjennomført på hus bygde i sveitsarstil, er takutspringet. Dette skulde verna veggane. Slike store tak fører til at sperrone og åsane stikk seg ut. Det var eit mål at desse ikkje skulde dekkjast til.

"Pynting" av husi var òg eit viktugt punkt. Det viktugaste når det galdt dette, var at det skulde *"understreke det konstruktive, for eksempel gjennom konsekvent utsmykking av utstikkende sperrer og bjelker, og gjennom avfasing av bjelker og stolper"* (Indresøvde (red.) 2006: 56). Ein bruka ofte løvsag for å laga flotte utskjeringar på husi. Det vart lagt vinn på at dette utsmykkingsarbeidet kunde gjerast lett og rasjonelt, og med einfelde reidskapar: sentrumsbør, stikksag og sjablongar.

Eit anna drag er den rike utformingi. Dette gjeld alle lekkar på huset: *"vindusomrammingar, bjelkeender, takutspring, rekkverk og hvor man ellers kunne komme til med løvsagarbeider"* (Indresøvde (red.) 2006: 20). Rundt krysspostvindaugo var det vanleg å leggja krysslister. Utsjeringar var vanlege innmed gavlen på huset, rundt vindauga og på verandaen. Verandabordi hadde ofte flotte endeprofilar nedst på bordet.

Eit anna moment er bruken av panel. Her var det viktig at tåttane til treverket vart utnytta mest mogleg: *"Sveitserstilens panel var spinkelt og glatthøvlet (...) Man brukte mest loddrett panel, ofte med en skjot og vannbord i etasjeskillet. Man kunne også veksle mellom liggende og stående panel (...) Slik kunne man på en effektiv måte gjøre dekorativ bruk av industrielt produsert panel og listverk"* (Indresøvde (red.) 2006: 56). Det var vanleg å bruka bord for å markera skiljet millom høgden. Det var vanleg å nytta tannbord og/eller takk-kantlist til dette fyremålet. På sume hus kann ein jamvel sjå det som vert kalla vannbord, ein kombinasjon av ei profilert list og eit tannbord.

Når det gjeld dørene på sveitsarhusi, finn me fyrst og fremst kryssportdøri. Denne var vanleg både som dør innvendes i huset, og som ytterdør. Døri er gjerne kløyvd upp i det me kallar speglar, og som regel var den øvste spegelen av glas. Tidleg i sveitsertidi var det vanleg med det som vert kalla tvovengja (tofløyet) utgangsdør. Denne typen hadde ofte glas òg. Dersom eit hus hadde mange stovor i fyrste høgdi, og desse hadde tvovengja dører, kunde ein sjå gjennom heile huset når dei stod opne.

Serleg i byane var det vanleg med utskjeringar i dørspegli. Dørene hadde sine serskilte dørvidarar. Dørvidarane var ofte pæreforma, og var som oftast produserte i massing. Sjølve grepet på vridarane kunde vera av t.d. tre og ibenholt.

Taket på eit sveitsarhus kunde vera forma etter typen "knebuk". Dette gav ein betre plass til å byggja loft. Takvinkelen på sveitsarhuset var brattare enn på tidlegare hus, 30-45 grader. Ein sopass bratt takvinkel gjorde at det ikkje var mogleg å dekkja taket med torv, slik det var vanleg tidlegare. Difor vart det vanleg å bruka ein ny type kledning, nemleg skifer.

Flestalle sveitsarhusi vart måla. *"Panelet ble oftest malt i lyse, bleke okerfarger, mens alle konstruktive ledd, som belisting og skiller mellom etasjene ble malt i mørkere farger. Utskjæringer i rekkverk, gavler og andre steder ble skilt ut og fremhevet i en mellomfarge. Da sinkhvitt kom i produsjon, ble mange eldre hus malt hvite, med kontrastfarger på listverk og dekor"* (Brunborg m.fl. 2002). Det vart bruka tollegt sterke fargar for å få fram pynten og detaljane i huset: raudt og grønt eller blått og gult.

Samla sèt kan me altso segja at det som gjekk att i sveitserstilen, var *"en konsekvent holdning til hensiktsmessighet, materialekthet og bruk av dekor"* (Indresøvde (red.) 2006: 57).

Dalen Hotel

Lat oss no sjå på eit hus bygt i sveitsarstil, og sjå korleis det samsvarar med nokre av dei dragi som er nemnde ovanfyre.

Eg hev valt meg ut Dalen Hotel i Telemark. Dette hotellet vart bygt i 1894. I 1940 tok den tyske okkupasjonsmakti yver hotellet. I dei fem åri krigen varde, vart det ikkje gjort noko vedlikehald av hotellet. Dette førde til at hotellet stod til nedfalls då krigen var slutt. Det vart prøvt å starta upp att med hotelldrifti, men det lukkast ikkje. Til sist vart hotellet stengt. *"Det vart antyda at det ville vera meir verdig å setje fyr på hotellet enn å la det rotne ned til skam for bygda"* (Dalen Hotell 2006). Men bygget fekk stå, og sist på 1980-talet vart det vedteke å renovera hotellet att. I 1992 vart hotellet opna, *"totalrenovert og med store visjonar. Restaureringa var så vellykka at hotellet i år 2002 fekk verneorganisasjonen Europa Nostras høgaste pris, sylvmedalje, for bevaring av hotellet som unikt kulturminne."* (Dalen Hotell 2006)

Dalen Hotel er i stor grad bygt i sveitsarstil. Men bygget hev ein del sereigne drag ved seg. Dette kjem seg av at hotellet er influert av ein annan stilart, drakestilen, som vara ca. 1880-1910. Denne stilen var ein freistnad på å norska upp sveitsarstilen, som sume meinte vart for utanlandsk og framand for Noreg. Dette ynsket heng saman med nasjonalromantikken, som var sterkt framme i denne tidi.

Drakestilen hev nokre sentrale kjennemerke: Inspirert av gamle, norske laftetradisjonar hadde fleire drakestilbygg upanelte timberveggjer. Inspirasjon frå norske stavkyrkjor og vikingetid resulterte i dekor forma som m.a. drakehovud. Like eins som sveitsarstilen hev drakestilen høg grunnmur, usymmetrisk grunnplan og dekorasjonar på svalen og gavlen. "Konstruksjonen var en blanding av laft og staveteknikk". (Kunsthistoriewiki 2006). Me ser altso at det som framfor alt skil drakestilen frå sveitsarstilen, er dei norske innslagi.

I og med at Dalen Hotel hev fenge sylvmedalje, må me rekna med at umvølingi som vart gjord, var svært velukka. Ho hev truleg greidt å taka vare på serdragi som opphavleg var på hotellet. Sveitsarstilen/drakestilen er i stor grad intakt.

Kvifor so umtykt?

Kvifor kunde denne byggjestilen verta so umtykt her i landet?

Ein viktugt grunn kan vera at her fekk folk høve til å avgjera svært mykje sjølve um korleis dei vilde at husi deira skulde vera. Dette galdt serleg på den dekorative fronten. Her kunde folk gjera utskjeringar og dilikt so mykje dei berre makta. Dei fekk verkeleg bruka dei kreative evnone sine.

Sagbruk og høvleri vart industrialiserte på 1850-talet. Slik kunde masseproduserte tremateriale produserast. Spikar kom òg i masseproduksjon. Alt dette er svært viktuge "ingrediensar" i sveitsarstilen, og gjorde nok sitt til at han kunde breida seg sopass utyver landet som han gjorde. Det var dessutan økonomiske oppgangstider i landet, og difor hadde folk råd til å byggja mange slike hus i perioden 1850-1920.

Ein annan grunn til den store utbreidingi, var stor turisme. Stor pågang frå turistar førde til at ein trong mange hotell. Og mange av desse hotelli vart bygde i sveitsarstil/drakestil. Jarnvegen kom for fullt på denne tidi, han med, og

det måtte byggjast jarnvegsstasjonar. Dei var òg jamt og samt i sveitsarstil. Folk var mykje på jarnvegsstasjonar, og slik fekk dei augo opp for dette nye. Den nye stilen vart kjapt adoptert. Folk som budde kring stasjonen bygde husi sine i sveitsarstil, dei med.

Noko anna som var med og "reklamerte" for sveitsarstilen, var avisor, magasin og tidsskrift. I desse publikasjonane var det mange bilæte av bygningar bygde i sveitsarstil, saman med mange rosande artiklar.

Denne stilen var ikkje berre for dei som hadde godt med pengar. Arbeidarklassen òg kasta seg yver det nye. Dette er ein grunn til at stilen finst yver alt i landet.

Ein annan grunn til at det vart reist so mange sveitsarhus, var fulla det at folketalet auka. sterkt. Når dette hender, må det byggjast nye hus.

Som me hev sèt, kom sveitsarstilen inn yver landet som ein uppattnyande vind. Det vart slutt på å byggja i stein. Det naturlege norske byggjematerialet, tre, kom til sin rett. Husi vart pryda med flotte utskjeringar. Nordmenn tok denne stilen til hjarta sitt, og det vart reist mange hus i sveitsarstil. Mange av desse stend enno i dag.

Kjelder

Brunborg, Ann-Christin (2002): Sveitser (ca.1850-1930), <http://home.no.net/annlena/sveitser.htm>



Dalen Hotel. Foto: dalenhotel.no

Dalen Hotell (2006): Historie, <http://www.dalenhotel.no/pages/historie.html>, sist vitja 08.12.2006.

Gamletrehus.no (2004 ?): Sveitserhuset 1840 - 1920,

http://www.husnett.no/GTH_Sveitserhus.htm, sist vitja 12.02.2008.

Gunnarsjaa, Arne (2006): Norges arkitekturhistorie Oslo: Abstrakt Forlag

Indresøvde, Eivind (red.) (2006): Kompendium. Bustad og byggeskikk gjennom tidene Volda: Høgskulen i Volda

Kunsthistoriewiki (2006): Dragestil, <http://www.kunsthistorie.com/wiki/index.php?title=Dragestil>, sist vitja 08.12.2006.

Kunsthistoriewiki (2006): Sveitserstil, <http://www.kunsthistorie.com/wiki/index>

[.php?title=Sveitserstil](http://www.kunsthistorie.com/wiki/index.php?title=Sveitserstil)
Norges Eiendomsmeidlerforbund (2006) Sveitserstil og nasjonalromantikk, http://www.nef.no/admin/filearchive_get.jsp/197/Sveitserstil%20og%20Nasjonalromantikk.pdf, sist vitja 08.12.2006.
Spangen, Amund (2006?) Landstedet - byggeskikken, www.verdensarvenroros/leighgarden/927, sist vitja 08.12.2006.
Sunnfjord Museum (2006 ?): Husa i tunet, http://sognogfjordane.kulturnett.no/sunnfjordmuseum/byggeskikk/hus_og_tun_husa_i_tunet.htm, sist vitja 08.12.2006.

Ei vandring gjennom Alsace

... og nokre tankar um framtid-Noreg.

Det er underlegt å vandra ikring i Alsace. Stadnamn som Schiltigheim, Entzheim, Kronenbourg, Oberhausbergen, Mittelhausbergen etc skulde alle tyda på at ein var ein stad langt inne i Tyskland. Men me er faktisk i Frankrike, og det er vandslegt å få kontakt med folk på andre mål enn fransk.

Alsace var frå gammalt av tysk kjerneland, men vart annektert av Frankrike etter 30-aarskrigen. Likevel heldt Alsace i hundradåri som fylgde fram med å vera tyskspråkleg, og frå det vidgjetne universitetet i Strasbourg kjenner m til dømes namn som Johann Wolfgang Goethe.

Kor som er - Medan Strasbourg so seint som midt paa 1900-talet vart rekna som ein tvospråkleg by, er tendensen i dag at det gjeng mot fullstendig

fransk yvertaking. Berre 25 prosent av folkesetnaden hev i dag alsassisk som morsmål, og millom desse er det flest gamle folk. Dei fleste som er yver 70 år talar framleis tysk dialekt heime, men storparten av ungdom under 30 skynar snaudt alsassisk i det heile. Mot det sterke franske standardspraket, tala av 280 millionar menneske verdi yver, hev ikkje lokale dialektar som alsassisk ein sjanse.

Ein må berre undra seg um det er slik det kjem til aa gå med Noreg med. Um 50 år er det kanskje berre stadnamni att, som syner at det i Florö, i Førde og paa Voss ein gong fanst eit livande norsk mål? So lenge målfolk flest held fram med aa sverma for lokalt talemål og dialekt, framfor aa fylka seg um eit slagsterkt og samlande alternativ - talemaal-snormering på høgnorsk grunn - kjem nok

bokmål og bokmålsutblanda bergensmål til aa halda fram å breida seg ut yver heile Vestlandet. Og det jamvel um me fær både vestlandsregion og heile skipsleidi samla til eitt Tide-rike...



Tekest og foto: Olav Torheim.

Barnekulturen

Av Svanhild Hopsdal

Svanhild Hopsdal utdanar seg til fyrस्कulelærer (red.)

Innleiing

Eg skal her taka fyre meg barnekulturen slik han vert framsteld i boki "Barns Kultur" av Tone Birkeland og Gunvor Risa. Eg hev òg bruka utdrag frå boki: "Børnekultur Hvilke børn? Og hvis kultur" av Birgitte Tufte med fleire og boki "Barnelitteratur" av Ingeborg Mjør med fleire. Eg byrjar oppgåva mi med å framstella korleis barnekultur vert skifta inn, men gjeng nærare inn på born sin eigen kultur. Kva det er som kjennemerker denne i innhald, form og funksjon? Eg freistar å koma med praksisforteljingar som stend i samband med det eg skriv um. På slutten freistar eg å analysere nokre tekster eg hev fyre meg. Her vil eg syna kva ulike born hev fenge med seg av korleis ein fortel ei forteljing. Heilt på slutten skriv eg um korleis ein kann stydja born i utviklingi av forteljarkompetanse. Eg vil fyrst taka fyre meg ulike måtar me oppfatter born sin kultur på:

Den kommersielle massekulturen

Den kommersielle massekulturen, som er knytt til born si fritid, fær ein jamt meir dominerande plass i kulturbiletet. Barnet vert i stigande mun gjort til forbrukar av ulike internasjonale kulturprodukt. I leiketyindustrien, serieprodusert litteratur, musikk, film, tv- og videoproduksjon nærker profitinteressone seg i eit alt meir standardisert og utvatna tilbod, med eit innhald og ei form som gjer at det kan kryssa dei fleste landegrensone utan å møta motstand. Opphavsmennene attum denne kulturen er ofte namnlause eller gøymer seg attum logoen eller forfattarpsevdonymi til dei store multinasjonale kulturprodusentane. (Barn Kultur s 9)

Eg ser alt etter måten mange døme på at den kommersielle massekulturen tek yver for den tradisjonelle barnekulturen. Dotteri mi ynskte seg teikneblokk med kvitt papir til fødselsdagen sin, men ho fekk Diddl teiknebok med ferdigprenta bilete som ho skulde fargeleggja. Eg måtte sjølv kjøpa teikneblokk. Farmori hennar og onkelen kaupte puslespel til henne og på dei var det amerikanske teiknefilmfigurar; Chicken little og Looney Tunes, My little pony vart kaup til henne av ein faddar og Pet shop frå ei tanta av faren. Alle Astrid Lindgren-filmane og nynorske barnebøker må eg kaupa sjølv. Tradisjonelle leikar som drake til å

fljuga med på himmelen og sprellemenner er det vandt å få tak i av di det er ingi kommersielle aktørar som fører desse, sidan dei ikkje kan reklamera for ein amerikansk teiknefilmfigur på desse leikone. For å få tak i puslespel som ikkje hev eit bilete av ein slik teiknefilmfigur, må ein gå på dyre spesialleiketybutikkar og leggja ut 250 kronor for eit puslespel. Men sèt frå produsentane av desse teiknefilmmane sitt synspunkt lagar dei sogor som fengjer born. Dei hev ei oppfatning av seg sjølve som "det born eigenleg likar og vil ha"(Barns Kultur s 10) Det er einfelde personar og figurar dei møter i desse filmmane. Men eg tykkjer ofte det er altfor lettlaga skapnader borni møter i den kommersielle massekulturen. Men frå ei onnor sida sèt vert dei tradisjonelle leikone ofte rekna for gamaldagse og frøbelske. Det er desse leikone dei ofte tilbyd i barnehagane.

Døme på slike leikor er ballar, klossar og småe tydokkor. Steinerbarnehagane hev berre slike leikar. Men det er sjeldsynt at borni hev slike leikar heime. Dei leikone er det helder ikkje so lett å få tak i, men grunnen til at barnehagane framleis hev deim er at den frøbelske tradisjonen heng att.

Dei gode oppfostrarane

Men so vert borni møtte med ein annan type kultur med, av "dei gode oppfostrarane", gjerne som eit alternativ til den kommersielle massekulturen. Denne er ofte sterkt knytt til den pedagogiske institusjonen, til skule og barnehage og femner um den tradisjonelle og godtekn kulturen for born: barnetimar, barne-TV, barneteater og prisløna barnebøker. Kulturtilbod skapa og styrde av ei idealistisk målsetjing, formidla av pedagogar og barnekulturarbeidarar. (Barns Kultur s 9)

Denne kulturen er det ikkje alltid like lett å få auga på: Men i fall ein prioriterar tid til å leita på biblioteki eller gå på teater med borni, eller å taka deim med på klassiske barnekonserter, so finst det tilbod. Men borni fær òg møta dei gode oppfostrarane i barnehagen der samlingsstundi ofte vert bruka til kulturformidling. Eg hev sett når eg hev vore ute i praksis at fyrस्कulelæraren kann både syngja, lesa bøker og dikt for borni i samlingsstundi, so det finst etter måten mange arenaer i samfundet der borni fær møta dei gode oppfostrarane. Men eg trur dei fleste møter deim i barnehagen.

Borni sin eigen kultur

Borni hev òg sin eigen kultur. Skjerma frå produksjonsliv og aktiv deltaking i styringi av samfundet skapar dei sine egne småsamfund, der dei produserar sin eigen kultur. Eit slikt samfund kan vera samansett av alle born i ei gata, i ei mindre bygd, i ein barnehage eller ein skuleklasse. Barnekulturen hev sterk tilknytning til nærmiljøet. Den lokale ankingi kjem til uttrykk ved at kulturen- i den mun han vert formidla språkleg - er på dialekt. Barnesamfundet er merkt av samhelde på dem måten borni langt på veg hev same kompetanse um leikar og tradisjonar. Det vil segja at dei med småe variasjonar leikar leiken på same måte, at dei kjenner lovene og reglane for leiken, og at dei veit kva eigenskapar som kvalifiserer for leiderskap og prestisje, og kva som gjer at nokre vert utestengde.(Barns Kultur s 11)

Dette såg eg døme på då eg var i praksis ; dei leika klappeleikar og hadde sine individuelle reglar for korleis dei skulde gjerast, dei hoppa òg tog der dei sagde reglar og vers, nokre av dei reglane endra seg for kvar dag. Dei vaksne la seg ikkje burt i korleis borni leika desse leikane. Det gjorde ikkje eg helder. Då eg leika med deim ute, let eg dei få avgjera reglane, då fekk eg òg sjå korleis reglane endra seg etter kven eg sveiva toget for. Kven som avgjorde og kven som underkasta seg leidaren. Eg såg at det hadde ein verdi for deim at dei hadde ein arena der dei styrde reglane sjølve, men det er òg viktig at lærarane veit litt um kva som gjeng fyre seg - for borni kann til dømes finna på å frjusa ut einkvan. Stategien læraren bruka for å sleppa undan det, var å samle borni og spyrja deim kva dei hadde upplevt ute i friminuttet. I fall det då var nokon som hadde vorte sett utanfyr eller kome upp i konflikta, tok ho det upp og snakka med deim um det. Ho hadde innført noko ho kalla for elevvener, der dei som var elevvener skulde leika med deim som ikke hadde nokon å leika med i friminutti. Eg tenkjer at dette er ein god freistnad på å koma fri frå at nokon vert gåande åleine i friminutti.

Kva karakteriserar born sine forteljingar i innhald, form og funksjon?

Born sine forteljingar utgjer ein viktug part av kulturen og dei kjem til uttrykk som: Vitsar, gåtor, ellingar, regleleikar, spøkjelsesogor og småe vers som borni segjer fram når dei hoppar tog eller syng medan dei gjer klappeleikar. Den munnlege barnepoesien

spenner frå det 'høge' til det 'låge', frå det andaktstemde til det trivielle, frå ålvorsfylt lyrikk til vulgærriming. Det er ikkje noko nytt at han rømer tekster som bryt med dei sømdkravi som vaksne steller. (Barns Kultur s 95) Barnepoesiens ynglingsformer er parodien og travestien. Her fær barne- og vaksenkulturen sine ålvorsfylde tekster sine respektlause mottekster. Med humor som grep utbyd barnet vedtekne normer og prøver ut kvar grensone gjeng for dei vaksne og samfundet sine verdiar og ideal. (Barns Kultur s 96)

Kva inneheld so tekstene?

Bordskikk og fråtsing

Svolt, tørste, mat og drykk stend sentralt i born si sanselege verd, og mange barnerim tematiserer reglane til dei vaksne for bordskikk (et fint, sit skikkeleg, ikkje forsyn deg hækje, et upp osv.) Sovorne reglar kann born uppleva som uforståeleg regulering av åtferd og difor ynskja å gjera oppreist mot, noko me finn døme på i fråtserim og matk-lagerim. (Barns Kultur s96)

Sur suppe, salt sild, et fort og teg still.

Tekst 29(ibid)

Ja, me elsker kjøt og pylsa gamalost og smør. Den som ikkje likar dette kastar me på dør.

Tekst 30 (ibid)

I den barnehagen eg var i praksis i var det slik at fyrskulelæraren kaupte inn polarbrød når det var smyrjedagverd (smørelunch), og det var likt til at borni kunde eta uavgrensa av desse polarbrødi. Eit barn vilde byrja på sitt tredje polarbrød, men då sa assistenten nei, det fekk vera nok, men då vilde ikkje barnet ha knekkjebrod eller vanlegt brød helder. Motivet er vorte tolka psykoanalytisk som eit regresjonstrekk, det uttrykkjer det umedvitne ynskjet til barnet um å få venda attende til eit tilstand der det kann fråtsa i og søla med mat utan at dei vaksne set grensor (Barns Kultur 96). Det kann sjå ut som, utifrå det eg såg, at so lenge barnet fekk fråtsa var det greiddt, men når det vart sett ei grensa vilde ikkje barnet ha meir mat i det heile. Når mi gjenta som er fire år skal syn-gja bordvers, finn ho på alle moglege slags aktivitetar og uromoment medan eg syng, so eg trur ikkje at ho skynar meiningi med å markera ein start for måltidet. Ho syng av og til : "Å du som metter besj". Det kan verka som at ho ynskjer å gjera opprør mot reglane for måltidet akkurat slik som det stod i teksten ovanfyre.

Kjønn, kropp og kroppsfunksjonar

Born er kroppsfixerte, dei er upptekne av kroppens utvekstrar og holrom. Difor er det ikkje yverraskande at barnerim som tek fyre seg kropp, kroppsdelar og kroppsfunksjonar, høyrer til dei mest umtykte av den munnlege barnepoesien sine motiv. På den eine sida finst det ein rik tradisjon av kroppsdelstrim i den vertikalt traderte barnepoesien. Her leikar ein med alt frå topp til tå, ofte er det knytt til melodi, kontakt og rørsla, og kroppsdelstrimi vert bruka i ein trygg og harmonisk kontekst. (Barns Kultur 97)

Pannebein,

Augnstein

Nasetipp

Munnleslepp

Hakesnipp

Dikke, dikke, dikk.

(Tekst 34, Barns Kultur 97)

Punktum punktum komma strek der er lille Oles fjes. (Tekst 35, Barns Kultur 97) Ofte er rimi og dikti skrivi som um dei skal vera ein leik med barnet sin kropp og millom barnet og den vaksne, både det diktet som vart nemnt i boki som eg siterte ovanfyre og nokre som eg kann :

Litletå, tå tilje, tiljeros, eplefru og Store Gubben Hesten.

Takk min Gud for heile meg: Hjarta, håret, hovudet mitt, føtene som du hev gjeve, ryggen, magen, hud og hender, augo, øyro, munn og tenner. Takk min Gud, for heile meg! Alltid vil eg takka deg. (Barne-salmeboka nr 131) Denne songen brukar dei på babysong i kyrkjone.

Kjærleik og sex

Millom dei mest populære temai i born sin traderte poesi er dei som tek upp forelsking, kjærastar, brudlaup, ekteskap og born. I mange songleikar som handlar um kjærastar og ekteskap er noko av fyreloga å draga til seg merksemd og nyfikne frå gutane: *Tyven, tyven skal du hete* og *Skjære, Skjære havre*. (Barns Kultur s 99) Frå min eigen barndom hugsar eg *Til seters* og *Lasse går i ringen*.

Me song òg ein song som var slik:

Hør, Svanhild vil du ride på livets landevei med Tom på din side, svar ja eller nei. Ja, jeg vil gjerne ride på livets landevei med Tom på min side ja det vil gjerne jeg.

Ut å plukke blomster, ut å plukke bær, Svanhild er forelska så liten som hun er og Tom har hun kysset, og Tom har hun kjær og Tom har hun kysset både her og der. På livet sin vei sa hun til meg, sett deg på en sten så skal jeg rundkysse deg 2x. Disse tvo

songane passar inn i kategorien barnepoesi.

Dessutan passar so ga òg med ei tekst frå ei bok som heiter Trollboki. Fordi so ga handlar um eit troll som var kjærast med ei heks. Og dei kyssa millom anna. Soga etter denne handlar òg um dette temaet: Prinsessa som skulde søkja lukka. Her handlar det um ei prinsessa som skulde ut og søkja lukka og finna ein prins å gifta seg med. Seinare i soga fær ho òg eit barn med den prinsen ho fann.

Religiøsitet og blasfemi

Den vertikalt traderte barnepoesien rømer ein religiøs dimensjon. Både i bordvers, kveldsbøner og voggerim finn me eit huglag fylt av barnleg tillit til Gud som verner og er alle gode tings gjevar (Barns Kultur s 101)

No må vesle barnet mitt

Tunge gråten stogga,

Engelen er komen hit

Og står attmed vogga.

Tekst 51 (Barns Kultur s 102)

Nu lukker seg mitt øye. Gud Fader i det høye, ivaretekt meg tar. Fra synd, fra sorg og farer min engel meg bevare som ledet har min fot idag. Amen. (Frå minnet)

Døden - sorg og skjemt

Born registrerar tidleg at døden er eit ikkje-tema i vaksenverdi. Når døden ein sjeldsynt-gong vert umtala, skjer det på ein ålvorleg og lågmælt måte, og når døden gjestar, er det knytt upp til sorg og gråt. I born sine eigne forteljingar er døden ofte tematisert som fråvær og tap, og i born sin eigen poesi vert det ikkje radt sjeldsynt fokusert på dei vaksne si tabusering av døden. Tabuiseringi vert oppløyst, og døden vert umtala på ein måte som er sjokkerande eller respektlaus for dei vaksne. (Barns Kultur s 103)

Mamma, får jeg vinger når jeg dør eller må jeg bruke beina før. Tekst 57(s 103)

Under den sorte jord ligger min oldemor. Der har hun ligget i fem hundre år uten en kaffetår. (Tekst 58(103))

Då eg var barn, døydde ein av grannane våre. Garden vår ligg i nærleiken av gravstaden og når gravfylgjet kom ut frå kyrkja, stod eg og broren min i tunet og song:

"Olan er død, Olan er død, Olan er død" Og so lo me hjartelegt.

Då mor mi kom heim, sagde ho at det var svært flautt då ho kom ut av kyrkja med gravfylget og høyrde at me stod og song slik.

I eit vedlegg eg hev arbeidd med i samband med denne teksti ser eg ei teikning av ei

gjenta som er fire og eit halvt år. På teikningi ser me presten, som stend med spaden, mori som hev ein stor hatt med kross på, og so kyrkja med sermerkte vindaugo. Det er litt skjemt med døden i biletet for alle menneski på bilætet er glade, og det ser ut som um presten hev grave upp gravi. Gjenta hev visst ikkje fenge med seg kva for oppgåvor deltakarane i ei gravferd hev.

Klappleiken

Då eg var i praksis såg eg at klappleiken-vart praktisert. "Anne Liane", til dømes, gjorde borni svært snøgt og dei hadde reglar for korleis han skulde gjerast. Dei nytta tidi når dei venta på noko til å gjera slike klappleikar (tidtrøyteleik), den leiken skriv òg Ivar Selmer-Olsen um. (Barns Kultur s 19). Når fyrsteklassingen strevar med å læra seg den innvikla klappleiken "Anne Liane", kann me peika på både musikalske, sansemerkte og språklege utviklingsaspekt ved leiken. Han er knytt opp til lyst og gleda, måvita, men òg til naudturfti av å meistra leiken for å kunna koma inn i hopehavet åt dei som kann. Då eg var i praksis såg eg kor viktugt det var for gjentone å vera med i klappleiken, men det var diverre ikkje alle som våga å vera med i leiken.

Anne Liane

Annemaskin, bom, bom, bom.

Anne I love you darling

Klapp for me and klapp for you.

I love mama I love daddy,

o a a chach chach chach.

Anne Liane Sussi, Good bye.

(slik eg hugsar det frå då eg var barn)

Regelleikar

Regelleikar som born i barnehagen og i fyrste klasse sjølve gjer upptak til kann vera: *Bro, Bro Brille, Haien kommer; En to tre rødt lys* og *Flasketuten peker på*. Regelleikar byrjar dei gjerne med i fem- til seksårsaldaren. Eg såg det då eg var i fyrsteklassepraksis, men òg millom dei eldste i barnehagen eg var i praksis i. Eg freista få med meg litt yngre born på *En, To, Tre rødt lys* men det var litt vandslegt, eg laut leida dei når dei skulde gå. Det var dei som var fem år og snart vart seks som lika den leiken best.

Ellingar

Ellingar òg vert meir bruka når borni byrjar å verta interesserte i regelleikar. Ellingane eg hev sèt i praksis er *Elle melle ni ti* og *En rød bil*, Dotteri mi kann finna på å segja ellingar som: "elle melle skipe går ut i år to i spann, snipp, snipp, snapp snute du er ute på en

silkepute, puta falt i vann, derfor ble det han". Her kann det sjå ut som um ho hev fenge med seg meir av dei setningane borni i barnehagen hev funne på enn det som er den eigenlege ellingi. Ellingane vert t.d nytta når born skal avgjera kven som skal ha den mest (u)populære oppgåva i ein leik, og dei vil tryggja seg at valet gjeng rettvisst fyre seg (Barns Kultur s 13). Born brukar gåtevitsane seg imillom som ein test på sams kunnskap og gruppehøpehav (Barns Kultur s 40)

Gåter

Dotteri mi fortel òg gåtor sumtid, men det er openbert at ho ikke veit kva som er poenget med gåta. Ho hev lært seg at ho skal spyrja um noko, og eg skal svara og so skal me le båe tvo. Ho hev lært seg gangen i det å fortelja ei gåta, og det er då ei byrjing.

Spøkjelsesogor

Spøkjelsesogor er ein sjanger store born likar å boltra seg i. Her kastar dei ljøs yver tema som døden, det er eit tabutema i vaksenkulturen. Dei kastar òg ljøs yver motiv som attergangarar, skjellett, lokkemenner, dråp og blod i forteljartradisjonen sin. Det er rimelegt å sjå det i samheng med at desse umrådi anten er "gjenstand for forteiing av dei "gode oppdragarane" eller gjenstand for kommersiell spekulasjon." (Barns Kultur s 14)

Interessa for å fortelja spøkjelsesogor kann vara langt opp i tjugeår. Eit døme hev eg frå då eg og klassen min var på tur til Arnafjord, då sat ei gjenta og fortalde skumle sogor til meg når me var åleine i eit stort gamalt ungdomshus. Då eg var barn, og det var kveld, og det var mørkt, og eg sov på rom med andre born, bruka me å ha denne spøkjelsesregla: *Kniven stikk, kniven stikk*. Og medan me stakk den eine fingaren inn i ryggen på den andre, so laga den eine bylgjor nedyver på den andre sin rygg og sa at *blodet renn, blodet renn*. So gjekk me nedetter med fingrane og sa *edderkoppen kryp, edderkoppen kryp* og so sa me *frys* og klaup den andre i nakken.

Her er eit anna døme:

Min mann Mass

Døde på dass.

Med dolokket i hånden

Oppga han ånden.

Begraves i kveld

Fra Møllendals kapell.

(Barns kultur s 14)

Forteljekompetanse hjå born

Her freistar eg å analysera korleis born vert siterte i nokre tekster eg hev fyre meg. Eg vil finna ut i kor stor mun dei hev utvikla fortel-

jekompetanse. Eg hev valt å taka fyre meg tri forteljingar :

Den fyrste forteljingi eg vil taka fyre meg heiter "Elgeventyret". "Elgeventyret" er skriva av ein gut som er 5 år. I denne forteljingi fortel guten um ein kanin som eigenleg er påskeharen som etlar ut snop og godteri til dei han møter, og han møter ulike dyr i saga. Typegalleriet er einfelt, dei er snilde eller dumme. Dette er eit typisk drag for eventyrsjangeren. Eg trur temaet er venenskap, sidan kaninen deler teltet sitt med alle som vil bu der og deler ut snop og godteri til alle. Slik det ser ut for meg hev guten stor forteljegleda av di han hev eit stort persongalleri, men litt for mange personar av di han berre introduserar dei og fortel litt um dei, og so fær me ikkje høyra so mykje meir um dei. Som til dømes Ole Brum som er dokteren og eit ikorn som vert skote av ei pil.

Dei ulike dyri stend fram som brotstykkje i teksti, og eg som les vert litt ørskent når han introduserar so mange personar. Og det medan den som skulde vera hovudpersonen i eventyret, elgen, berre vert fortald um i byrjingi av saga. Guten hev nytta innleidingslovi som set handlingi igang, med di han fortel um at "Det var engang en liten kanin som hoppa opp på kjøkkenbenken...". Ved at han segjer det innleider han forteljingi, og han opnar henne på ein fin måte.

Axel Olrik hev systematisert det han kallar "episke lover for folkediktinga". Attåt innleidingslov meiner han at eventyri inneheld ein trefasa struktur heime-burtheime-strukturen. (Barnlitteratur-sjangerar og teksttypar s.67). Men den strukturen hev ikkje denne guten fenge med at han skal bruka når han skal fortelja ei forteljing, slik ser det iallfall ikkje ut for meg. Han hev helder ikke fenge med seg at han burde ha med tretalslovi og oppattakingslovi som skulde byggja forteljingi opp mot eit høgdepunkt, men vidare framsteller han ein komplikasjon eller konflikt som fører handlingi vidare (Barnlitteratur-sjangerar og teksttypar, av Ingebjørg Mjør m/fleire, s 90) "En dag skjedde det noe forferdelig! En mann med pil og bue kom og skjøt mot teltet og ekornet blir truffet" Guten markerar her at det er ein konflikt på gang og at det fører historien vidare, slik som eg ser det. Han har òg bruka verkemiddelet med spenningskorg i saga si, og han hev ikkje so mange andre verkemiddel med, han byggjer historia opp mot eit høgdepunkt, kann ein segja, men han brukar ikke tretalslovi fyreåt. Men sidan han brukar verkemiddelet med spenningspunkt, oppfyller han kravet um at forteljaren skal økonomisera med verkemidli. (Barnlitteratur-sjangerar og teksttypar, kapittel 3, s 67).

Rett etterpå i saga kjem det ei løysing eller ei avslutning som påverkar eller endrar opnings-situasjonen med di ikornet kjem på sjukehus, men når det kjem attende derifrå er det vorte ein ny ven av kaninane. Ved at Kaninen eller påskeharen hev fenge ein ny ven hev opnings-situasjonen vorte endra.

Ein gut på fem år fortel um "Gutta på tur". Han hev fanga upp at eventyri er bygde upp etter heime-ute-heime-strukturen og brukar denne når han skal fortelja si forteljning. Han fortel um fem tusund gutar som skulde gå frå Island til Oslo. Dei badar på turen, og søv i ein igloo og dei møter isbjørnar som dei matar for so å venda attende til Oslo. Eg trur ikkje guten hev tenkt på noko serskilt tema når han fortel denne forteljningi. Det er vel berre slik han ser fyre seg at gutar hev det når dei er på tur. Eigenleg synest eg han hev fenge med seg mykje um korleis gutar hev det på tur, at dei må ha gode ullklede på seg og vera djerve, og at dei må liggja i igloo, men han gløymer seg visst ut når han segjer at dei varma seg framfyre peisen. Han er truleg so ihuga at han gløymer seg. Denne guten brukar mykje; "og so", eg trur det er ein litt meir umogen måte å fortelja ei forteljning på enn slik guten i forteljningi ovanfor gjorde. Han varierte ordbruken når han fortalde. Den siste guten hev fenge med seg innleidingslovi "Det var ein gong", men eg ser ikkje noko til kvilelovi, det er tvert um noko som skjer heile tidi, og han tek seg ikkje tid til å skildra kva som hender, slik som guten ovanfor gjorde. Avslutningslovi er ikkje nytta, det er berre "ha det", ikkje tretalslovi eller uppattakingslovi helder. Men eg trur at denne guten hev forteljegleda, han med, han skulde berre ha havt litt øving i å taka seg tid til å fortelja, til dømes bruka skildringar av korleis gutane for åt på turen. Den siste guten berre skildrar kva som skjer, medan guten ovanfor er til stades og fortel korleis dyri i historia hans hev det og kva dei tykkjer ("elgen vart veldig

glad"). Det er ikkje nokon konflikt i denne forteljningi, men det er eit oppdrag; gutane skal gå til Island og attende.

Nokre gutar som er fem og seks år gamle fortel um ei liti fatigsleg hytta inni skogen der det bur ei fælsleg heks. Her hev dei late vera å nytta innleidingslovi, men gode skildringar av der heksi budde hev dei med. Ein konflikt eller eit problem som fører historia vidare hev dei med òg, for heksi vantar elektrisitet, og når ho fær innlagt det er det berre svak straum. Dei hev fenge med seg at når dei skal fortelja ei forteljning, må det vera ei misgjerning eller ein mangel. Her er det tydelegvis heksi som hev for lite straum til å koka middag. At det er ein mangel eller ei misgjerning i eventyri var det rusaren Vladimir Propp som fann ut ved å jamføra 100 undereventyr (sida 65 i Barnelitteratur sjangrar og teksttypar.) Den litle historia handlar um problemi heksi møte på då ho ikkje hadde sterk nok straum. Eg tykkjer gutane hev introdusert nokre parti der kvilelovi gjer seg gjeldande, sidan dei presenterar forteljningi.

Korleis kann den vaksne stydja barnet i utvikling av forteljekompetanse?

I boki *Børnekultur Hvilke børn? Og hvis kultur?* (I kapittelet "Da børnene fikk ordet"-analyse av 359 børnehistorier), stend det um ulike metodar ein kann nytta seg av når ein skal få barn til å fortelja, millom anna kann ein setja av forteljarstunder i løpet av dagen. Eller prøva å utvikla ein praksis der barnet fær høve til å segja at "*Eg hev ei historie, eg vil fortelja*". Det stend òg noko um å "etablere et særligt fysisk fortellermiljø", til dømes forteljarhyrne eller forteljarhole, der det var gardiner og dempa ljossjetjing. "*I fortellerprosjektet Sagofarden antog vi helt enkelt, at børn bliver bedre fortællere, hvis de foreksempel har været inddraget i højtlesning, hørt voksne og ældre børn fortælle historier, været med til at synge, set film og*

været med forældre og børnehaven i teateret. Den gode fortæller har selv fået fortalt." (s 87)

I ei tekst eg hev fyre meg vert det fortalt um Raudhette. Her ser eg at den vaksne styd barnet ved å stella spørsmålet: "*Ja, ka sa ulven då?*", og likeins "*hele bestemoren?*" og "*ka sjedde då?*" Desse spørsmål fører historia vidare. Eg trur den vaksne styd barnet sin forteljekompetanse, ved å stella dei spørsmål med kvart.

Avslutning


Det som er serskilt med born sin kultur, den eigenskapte som eg hev lagt vekt på her, er at han endrar seg ikkje so snøgt. Då eg var liti, hoppa me tog, strikk og samla på glanspapir og leika rolleleik med dokkor og hadde klappeleik i friminutti. Det er nokso like aktivitetar borni driv med idag. Berre at no heiter dokkone Pet Shop, og dei byter ikke glanspapir, men andre bilete som pokemonkort og diddelikort. Dei hoppar tog framleis og segjer fram vers som er litt onnorleis enn då eg var barn. Då eg skulde skriva um dei ulike sjangrane born brukar når dei leikar eller fortel noko, viste eg til mitt eige barn eller barn eg hev sett i praksis og til eigen barndom. Det hev gjort at denne teksti hev vore spesielt spanande å arbeida med. Eg sette stor pris på å gjera dette arbeidet åleine.

Litteratur

Tone Birkeland og Gunvor Risa, "Barns kultur", Cappelen akademiske forlag, 1998, 2. opplaget.
 Birgitte Tufte, Jan Kampmann og Beth Juncker, "Børnekultur - hvilke børn? og hvis kultur?", Akademisk forlag, 2001.
 Ingeborg Mjør, Tone Birkeland, Gunvor Risa, "Barnelitteratur-sjangrar og teksttypar" Cappelen Akademiske Forlag, 2005
 "Barne Salmeboka", Verbum IKO-Forlager, Oslo 1999.



NYNORSK
ANTIKVARIAT
www.nynorskantikvariat.no



Nynorsk Antikvariat AS

Hulgata 11

4900 Tvedestrand

Telefon 37 16 66 66

E-post: tinging@nynorskantikvariat.no

Antikvariatsbokhandlar

Arne-Ivar Kjerland

E-post: [Arne-Ivar.Kjerland@](mailto:Arne-Ivar.Kjerland@nynorskantikvariat.no)

nynorskantikvariat.no

Mobil: 928 29 098

I vesterleid

Av Lars Bjarne Marøy

Det er ikkje ofte at ein fær koma på lange utanlandsupphald i samband med lærargjeringi, og det er endå meir sjeldsynt at ein lektor fær koma på etterutdaningskurs til Færøyane. Færøyane hev alltid stade som noko eksotisk for meg. Eg tenkte at det kunde vera verd å få sett det som hev vore umtala millom vestmenner i åravis, men som eg ikkje hev havt høve til å sjå med sjølvsyn.

Den fyrste parten av turen gjekk naturleg nok til Kjøpenhamn. Kjøpenhamn er enno ein slags hovudstad for Færøyane. Jamvel um Færøyane hev sjølvstyre på mange hald, er dei framleis sterkt knytte til Danmark. skeidstyrar Anne Kari Skardhamar hadde gjort eit godt fyrearbeid.

Ein av dei største tilskotsytarane til turen var Fondet for Dansk-Norsk Samarbejde. Det er soleis naturleg å innleida med å segja noko um fondet. Elles vil eg presentera nokre av fyredragi og gjeva eit yversyn yver høgdepunkt under turen.

Fondssekretær Karen Vig Albertsen orienterte om fondet samstundes med at ho viste oss ikring på hotellet som var idylliske Schæffergård ved Jægersborg, ei stutt metroferd frå Kjøpenhamn. Ein dansknorsk familie samla inn pengar til nordmenner under krigen, i alt um lag 1 milliard kronor etter vår tids pengeverde. Dei sytte for å gjeva mat-hjelp til Noreg under okkupasjonen utan at tyskarane brydde seg, for dei var tente med hjelpi. Etter krigen var det 16 millionar att. Pengane gjekk til eit fond som kjøpte Schæffergården. Det norske riksstyret gav som ein gest Lysebu som er eit hotell med same samarbeidstanke. Upphaldet på Schæffergården kan løyvast til alle som vil arbeida med dansknorske prosjekt. Og mange nordmenner og danskar hev møttest her.

Frå Fosse til folkevisor og færøydans

Serleg gildt var det å møta illustrasjonar til Jon Fosse sin roman *Naustet*. Kven kunde tenkja seg å få sjå noko slikt i Danmark? Naustbilete av ymse slag skulde symbolisera stemningi i ymse tekstutdrag frå romanen. Det heile var tilstelt på ein sers formidlande og fager måte. Å møta nynorsken i denne hotellatmosfæren var tankevekkjande. Ein kann berre spyrja seg um noko norsk hotell hadde greidt å visa tilsvarande kulturformidlingsevna? Elles var det kunst og design av beste danske merke yver heile hotellet. Hotellet låg ikkje langt frå dyrehagen, og dyri gjekk i eigne innhegningar som ein kunde taka seg fram til med ein stutt sykkel- eller biltur.

Den fyrste fyrelesingi var ved Árni



Magnuskatedralen i dag. Muren lyt tryggjast med ekstra reisverk.

Dahl og handla um færøyske kvad. Dei eldste færøyske folkevisone er frå umlag 1400. Dei vart yverførde munnleg til liks med norske folkevisor. 1800-talet var til liks med Noreg det hundreåret då ein samla seg um å skriva ned folkevisone på Færøyane. Det skjedd i perioden 1770 til 1880. Corpus Carminum Færoensium låg fyre i manuskrift i tidi millom 1872-1876 og vart seinare prenta frå 1941 til 1970.

Dei danske folkevisone er samla i verket DGF, "Danmarks Gamle Folkeviser", frå 1853 til 1976 (tolv band). Her finn ein 539 folkeviser, framfor alt riddarvisor. Andre kjende danske folkevisoutgaver er:

- Anders Sørensen Vedel (1542-1616)
- Hundrevisebogen 1591
- Peder Syv (1631-1702) 200 viser om kongar, kjempar og andre, 1695.

Sume danske folkevisor som ikkje finst lenger i Danmark, lever vidare på Færøyane. Visone hadde mange funksjonar i eit samfund med lite kjennskap til og bruk av skriftspråk. I filmen *Barbara* syng folk og dansar ringdans um utruskap millom dei danske embetsmennene. Dette representerar ein utbreidd sjanger, og det er nidvisone. Nidvisone kunde vera hændande visor som gjekk i 40 og 50 vers. Den som fekk ei nidvisa mot seg måtte ofte laga ei motvisa eller eventuelt få hjelp av andre som kunde laga ei motvisa.

Det er mogleg å jamføra nordiske folkevisor. I 1978 kom det som med ei nedstytting heiter TSB (The types of the Scandinavian Medieval Ballad., Universitetsforlaget Oslo- Bergen-Tromsø 1978). TSB inneheld svenske, danske, norske, islandske, færøyske balladar. Utgjevarar var Bengt R. Jonsson,

Svale Solheim och Eva Danielson.

Under upphaldet på Færøyane fekk me høve til å trø Færøydansen saman med ihuga dansarar i bygdi Nolsøy som ligg um lag 20 minuttars båtferd frå hovudstaden Torshavn.

Etter tvo dagars fyrelesingar i strålande vårver på Schæffergården var me budde til å setja oss på flyet som tok oss til Torshavn. Me vart møtte av det kalde vèret og den barske færøyske naturi som minnar sers mykje um Vestlandet, men som definitivt hev sermerke som burde trollbinda alle geografar. Her er dei fleste geologiske fenomen synlege og påviselege, so langt eg kann skyna.

Kirkjubøur

Det store høgdepunktet for meg var å få koma til Kirkjubøur. Denne staden som hev vorte framsteld som eit slags mekka for vestmenner. Det er iallfall slik eg hev lært meg til å sjå på det. Korleis myten um Kirkjubøur hev uppstade er ikkje godt å segja. Men det er ingen tvil um at Jóannes Patursson var ein sentral mann i færøysk sjølvstendarbeid tidleg på 1900-talet. Det vart ansa på millom vestmennene og norsklynde målfolk i det heile. Sonsonen hans vart jamvel peika ut til heiderslagsmann i Vestmannalaget i 1968, heidersbrevet heng enno i røykstova på Kirkubøur. Det same gjer helsingar frå Noreg heilt attende til 1920-talet. Det er dei bergenske lagi Vestmannalaget og BUL-Bergen som hev vore mest iduge til å halda kontakten, er det likt til. Ei stor norrønaferd i 1928 førde med seg eit helsingsbrev.

Kva er det so med Kirkjubøur? Det skal eg freista å få fram nedanfor. Kirkjubøur

var bispesete og ándeleg og kulturelt sentrum gjenom heile millomaldaren. Synleg prov på dette er Magnuskatedralen, eit av dei mest fagre fortidsminne ein finn på Færøyan. Ei segn fortel at den fyrste biskopen på Færøyan fyrst på 1100-talet tok opphald på garden til den rike kvinna Gæsa som på eit tidspunkt átte mest halve Streymoy. Kyrkja dømde eige- domen frá Gæsa av di ho átt kalvekjøtt under fasten, og etter dette var garden bispesete. Det vart tidleg kyrkjeskule på Kirkjubø, og det var her kong Sverre fekk si utdanning. Segni fortel at Sverre var fødd i ei hola ovanfor Kirkjubøur.

Den høggotiske kyrkjeruinen som Magnus-katedralen vert kalla, stend i dag nesten som då han vart oppført kring år 1300. Det vert hevda at biskop Erlendur, som var bisp frá 1269 til 1308, ikkje fullførde katedralen. Ei ársak til denne oppfatningi er at biskopen lagde på folket so store økonomiske byrder at det førde til uppreist. Ei onnor tolking gjeng ut på at katedralen symboliserte armoden ved svartedauden. Nyare forskning tyder derimot på at katedralen vart fullført.

Kyrkja på Kirkjubøur er kvitkalka og er den einaste millomalderkyrkja som stend att på Færøyan. Soknekyrkja var opphavleg ei liti domkyrkja. Ho minnar om nordiske klosterkyrkjor frá millom 1250 og 1300. Kyrkja vart umbygd i 1874. Då kvarv mykje av det opphavlege preget. Ein fjerna millom anna 14 rikt utskorne stolgavlar og ein bispestol.

Desse objekti er no utstelde i den færøyske folkeminnesamlingi. I dag er kyrkja merkt av stor kunst i det at altertavla er illustrert av den kjende færøyske kunstnaren Sámal Joensen Mikines.

Røykstova midt på garden stend framleis i sitt opphavlege materiale. Det er av di treet hev vorte impregnert av tørverøyken frá eldstaden. Røyken trekte ut gjennom holet i taket som no hev fenge glastak. Kongsgarden hev i 17 áttleder vore i familien Paturson si eiga. Kongsbonden er framleis leigetakar under kongen og kan ikkje selja garden, berre vona at han fær ein son som vil driva garden vidare.

Og det siste er ikkje noko lite prosjekt. Kirkjubøur er både ein gard og eit museum som er so sermerkt at det ikkje kann vera lett á verta fødd inn til á driva garden. Det er vel mest berre kongen som vert tvinga inn i ei yrkesrolla i dag, men det verkar som at den sitjande kongsbonden hev funne seg vel til rettes i rolla som kulturformidlar. Han snakka eit framifrå korrekt dansk under umsyingi, og møtelyden vart aldri leid av á høyra på alt han hadde á fortelja. Middagen med lambekjøtt og andre delikatessar er av dei minnerike.



Soknekyrkja på Kirkjubøur

Diverre måtte me brjota upp ved midnatt etter ein lang dag for á koma oss heimatt til hotellet i Torshavn. Under middagen hadde me glesa av á sitja saman med tvo solide målmenn for færøysk språk og litteratur, forfattaren Gunnar Hoydal og prof. i færøysk språk Jóhan Hendrik Winther Poulsen, som jamvel hev vore rádgjevar til Færøysk-norsk ordbok som Eigil Lehmann gav ut.

Nokre færøyske forfattarar

William Heinesen er kannhenda den einaste færøyske forfattaren som er kjend utanfor Færøyan, jamvel millom litteraturinteresserte menneske. Eit dømme på det er at dei tri hine forfattarane eg skal taka fyre meg her ikkje er nemnde i noko leksikon, heller ikkje i Bonniers forfatarleksikon og snaudast på internett. Medan islenske krimforfattarar let seg oppdriva - um ikkje i hopetal, so iallfall i so stor mun at dei må teljast på tvo hender - er færøyske forfattarar fanga i sitt eige språksamfund, og det er vandslegt nok á fá Gunnar Hoydals bøker umsette til dansk. Heinesen hadde ein fyremun soleis. Han var danskspråkleg, men budde på Færøyan. Heinesen kom frá ein handelsfamilie. Han dreiv sjølv handel til 1951. Han prøvde seg som forfatter alt i ung alder og debuterte med arktiske elegiar i 1921.

I debutboki var det ein ekstrem individualisme som utfalda seg, med den færøyske naturi som tilfang. Seinare fær menneski ein meir sentral plass, og perspektivet vert meir sosialt. Blæsende gry (1935) er Heinesens fyrste roman, og han gjev ei realistisk skildring av yvergangen frá landbruk til fiske og handel på Færøyan. Heinesen slo for álvor gjenom i 1949 med romanane *"Den svarte gryte"* og *"De fortabte spillemend"*. Gjenomgåande tema i forfatterskapen er at livet og døden utfyller einannan. Godleiken sin

realitet vert understreka. Heinesen fekk Nordisk ráds litteraturpris i 1965, Sonningprisen i 1985 og Svenska akademiens nordiske pris i 1987.

Tårnet ved verdens ende (1976) vert karakterisert som ein mosaikkroman um barndom, med utgangspunkt i Heinesen sin eigen oppvekster. Denne boki hev gjeve opphav til ein CD som gjev musikalske tolkingar av litteraturen. CDen hev same namn som boki.

Christian Matras vart fødd i Viðareiði i 1900. Han tok ein doktorgrad i gamalnorsk i 1933 ved universitetet i Kjøbenhavn, og i 1952 vart han professor ved det same universitetet. I 1965 returnerte han til Færøyan for á verta leidar for deildi for Færøysk språk ved universitetet i Tórshavn. Arbeidet hans er stort og han granska Færøysk litteratur, språk og kultur, men Matras var òg poet og ein av dei viktigaste i færøysk litteratur. Han døydd i 1988.

Christian Matras er ein av dei færøyingane som hev gjort mest for færøysk språk og litteratur. Han voks opp i Viðareiði, og det var eit stort oppbrot for han á flytta til Torshavn. Det var med på á inspirera han til á arbeida so ihuga for færøysk mål. Jóhan Hendrik Winther Poulsen var elev hjá Christian Matras, som vart den fyrste professoren ved Universitetet i Tórshavn. Poulsen vart seinare professor i færøysk språk. Saman gjorde Matras og Poulsen eit stort arbeid for det færøyske språket.

Matras og Winter Poulsen hev laga mange av dei ordi som færøyingar nyttar no, til dømes flogbóltur i staden for volleyball. Matras var sers oppteken av á nytta færøyske ord i staden for danske, og han arbeidde mykje og aktivt med nylaging av ord, og med á samla inn ord frá bygdemáli. Christian Matras er nok ein av dei som hev gjort mest for á auka statusen til færøysk mål i nordisk samanheng, og

han hev fenge mange heidersprisar og utmerkingar, både internasjonalt og nasjonalt for arbeidet sitt. Matras såg elles samanhengar millom keltisk og færøysk og arbeidde med å ettervisa dette.

Matras gav ut ei stor ordbok, der han samla inn ord frå heile Færøyane. Ordtilfangsarbeidet er mest det aller viktugaste arbeidet hans. Han gav ut ei rad diktsamlingar, og han samla dikti i diktsamlingi "Leikur og loynd". Han gav ut dei færøyske millomalderballadane på nytt. Han omsette mykje litteratur til færøysk, både færøyske og utanlandske forfattarar. Til dømes gav han ut William Heinesen si bok "Blæsende Gry", Camus' "Pesten" og Voltaire si "Candide" på færøysk. Attåt dette gav han ut mange artiklar om målpolitikk, og han var i det heile ein sers produktiv mann, heilt til dess han døydd. Anne Kari

Skardhamar som var turandsvarleg hev skrive doktoravhandling um Matras. Ho tok oss med til Viðareiði, ein stad som hev ein sermerkt natur. Den færøyske naturi er vill med store djupner, men her er det òg ei utflatning. På Viðareiði fekk me lese upp dikt som skildra naturi på ein framifrå måte, samstundes med at me fekk høve til å smaka lundefugl på ein lokal gjestgjevarstad.

Forfattaren Gunnar Hoydal er den siste forfattaren eg skal nemna. Gunnar Hoydal er i seksti ári òg er kannhenda den fremste færøyske forfattaren i dag. Han bur i Torshavn, der han tidlegare var byarkitekt og kultursjef. Humoren er tydeleg både hjå Hoydal og Heinesen. I 1991 gav Hoydal ut romanen *Undir sudurstjørnum*, som er umsett til både dansk - Stjernerne under Andes - og engelsk.

Det er ein stor roman, og han opnar

for verdi - bokstavleg tala. Romanen handlar både um Færøyane og Sør-Amerika. Ei færøysk syskengruppa legg ut på ei reis til Ecuador for eit nytt møte med stader der dei budde i barndomen. Det er både ein reiserman og ei oppvekstskildring, samstundes som det er ein roman um dikting, og korleis diktingi kann fungera i verdi.

"Stjernerne over Andes" var den fyrste færøyske romanen som kom på engelsk. Det skjedd i 2003, og forfattaren Fay Weldon var svært positiv. Ho skreiv "*A major work of literature - magic, realism, wit and grace, all here in generous abundance*".

Anne Kari Skardhamar hev eit unikt innsyn i færøysk kultur og språk og ho kjenner folk yver alt på Færøyane, utan hennar inspirasjon og tiltaksevna vilde ikkje denne teksti ha vorte til.

Plasten si saga i Noreg - Part 2

Av Lars Bjarne Marøy

Plast i bilindustrien i USA

Plastkomponentane kom i bruk i USA på slutten av 1940-talet. Det må sjåast på bakgrunn av at utviklingi mot høgare levestandard og utbygging av forstads miljø gjekk kjappare enn i Noreg. Fyre og under krigen vart det bygd ut forstader i USA, og etterspurnaden etter bilar var veksande. Under krigen byrja ein å prøva ut plast til bilmateriale i USA. I 1946 vart den fyrste bilen i fiberglaspolyester konstruert som prototype. Det gjekk ikkje lange tidi fyrr ymse produsentar laga modellar og sette i gong produksjon av fiberglasbilar. Det var i fyrste omgang yverbygnaden som vart laga av plast.

Plastoverbygnader på bilar fekk eit gjennombrøt då General Motors (frå no GM) sette i gong produksjon av Chevrolet Corvette. Men GM sette ikkje i gong nokon stor produksjon av Corvettar. Tidleg på 1950-talet var det ikkje lønsamt å byggja meir enn 15 000 bilar av kvart slag. Det gjorde at ståltilane vart ståande i store produksjonsseriar. I sume produksjonsseriar lønte det seg med ein gong å nytta plast. Slike produksjonsseriar hadde ein når ein produserte sportsbilar, postvogner, andre spesialbilar og campingvogner. Corvetten vart laga i fiberglas, ei blanding av glas og plast, men det vart vanleg å umtala fiberglas som plast. Mange vona at corvetten skulde gjera det stovereint med plast. Dei fekk seg eit sjokk då ein leidande medarbeidar hjå GM uttala at han brydde seg ikkje med at corvetten var laga av fiberglas, "so lenge

bilen ikkje vart laga i ein forbanna plast".

Plasten må ha vorte populær nokso snøgt, for det gjekk ikkje lang tid fyrr det vart opna for at folk flest kunde laga eigne plastoverbygningar på bilane sine. Det vart laga ein eigen katalog for korleis kven som helst kunde konstruera og setja på plass ei plastyverbygning på bilen sin. Fleire stader kringum i USA sette folk i gong med å laga plastyverbygning til bilen sin i garasjen. (J.I. Meikle, American Plastics, New Jersey 1995: 194-198)

Den som studerar ein moderne bil, vil snøgt kunna bita seg merke i kor umslutta bilen er av plast. Setetrekk, skumgummien i setet, dashbordet, solskjermane, mattone på golvet ymse innretningar under panseret osv. Plasten hev utan tvil havt ein stor påverknad yver utformingi av nye bilmodellar. Dessutan hev plasten lenge vorte nytta som isolasjon i bussar og i tog og trikk.

Med kvart som plasten hev kome i bruk i bilindustrien, hev han fenge meir å segja for sjølve oppfatningi av samtidi. Plastkomponentar i kommunikasjonsmiddel hev vorte ein naudsynt part av tilværet åt folk flest. Dersom ein t.d. skulde fjerna all plasten, kom det til å føra til enorme umstillingar, um det i det heile let seg gjera.

Då plastkomponentane kom inn i bilindustrien og i andre kommunikasjonsmiddel på same tidi som forstadene til dei store byane voks fram i stor målestokk utover 1960-talet, vart plasten part av ei modernisering. Bilin-

dustrien kunde vel ha klara seg med stålkomponentar og stållyverbygning. Det var likevel tydeleg at ståltilane slukte store mengder bensin. Det var interessant å kutta i utgiftene til drivstoffet, og det var truleg ein grunn til at plasten vart aktuell. At plasten førde med seg drivstofføkonomisering var eit sterkt argument for plasten. Når plasten kunde tevla på pris, spela det òg ei viktig rolla. I Noreg vart det i perioden fram mot 1970 vanleg at kvar huslyd fekk eigen bil.

For folk flest fekk bruk for bilar, og tok dei i bruk når dei kom. Plasten gjorde det mogleg å innfri dei kravi og ventnadene som me hev vent oss til å stella til eit kommunikasjonssamfunn. Dei fremste talsmennene for bilar og kommunikasjon var nok næringslivsfolk. Dei vilde leggja ut industri til nye territorium. Byane vart sprengde av folketilflytjingi og fødselsyverskotet etter babyboomen i 1945/1946. Det vart verre å finna tomtegrunn for næringslivet i bykjernen, difor søkte bedriftene seg lengre og lengre utyver mot bygrensone.

Mange innflytjarar og småbarnsfamiliar i byane, som fyrst budde i tronge hus i sentrum av byane, flutte seinare ut til ei bustadblokk eller til eit rekkjehus eller ein villa i forstadene. Det fyrste som måtte slå dei som voks upp i bygardane, og seinare flutte ut til forstadene, var standarden på bustadene. Bustandarden vart betre, og folk kjende seg motiverte til å kosta på seg nytt interiør og umgjeva seg med ting som skulde gjera det koselegt å bu. Når det vart bygd

B



ISSN-1503-2469

ut nye bustadområde, vart det satsa på meir heimetrivnad, fleire rom og ny innreiding. Yverskotet av plastråstoff auka jamt og trutt, og det var tenlegt å nytta det til eitkvart. Dette gjorde det aktuelt å nytta plast i ei rad ferdigvaror som tradisjonelt var produsert av tre, skinn og bomull. Og det førde i sin tur til at produksjonen av plastprodukt auka. Plasten vart med kvart ikkje berre eit billegt alternativ til andre løysingar. På alle umkverve skulde plasten gjera seg gjeldande. Her er det endå ein gong interessant å venda seg til utviklingi i USA. Kva var det som hadde skjett på umkvervet interiør og husinnreiding i USA?

Husinnreiding og interiør

Alt på 1940-talet gjorde plast seg gjeldande i stolar. I 1948 vart det laga stolar med grunnuppsett av stål. Dei vart dekte med plast. Plasten vart ikkje sedd på som eit sjølvstendig material, men som eit material som i kom i plassen for eit anna. Utetter på 1950-talet fekk plasten ein meir sjølvstendig posisjon. Men han vart ikkje sedd på som noko upplagt. Polyesterstolar spreidde seg svært snøgg på denne tidi. Dei vart til ein viss mun produserte til kjøken og stovor, men hovudparten av produksjonen gjekk til institusjonar. Stolane eigna seg godt til institusjonsbruk. Dei var lette å flytja på. I motsetnad til trestolane var dei fargerike og vara lenge. Dei let seg ikkje lett slå sunde, skalla ikkje av og tapte seg ikkje på nokon annan måte, slik vart det iallfall oppsummert av entusiastiske observatørar i samtidi.

Plaststolane kom i vedvarande produksjon. Produksjonen hev halde fram i meir enn 40 år. Når det med kvart vart vanleg å laga stolar som var heilt utforma som plast på slutten av 1950-talet, vart det argumentert sterkt for plasten.

Tre og metall gav ikkje store opningar for å laga mange ulike formasjonar som passa inn med den naturlege kroppsformi til folk. Plasten kunne formast i alle moglege retningar, og det kunne utan vidare lagast eit utal modellar både av stolar som var stygge og fine, store og småe. (J.I. Meikle, American Plastics, New Jersey 1995: 200-205)

På 1960-talet låg framtidi for solide møblar i polypropylen. So tidleg som i 1961 vart det gjort utprøvingar av m.a. ein lenestol. Stolane regulerte seg etter dei som sat på dei. Dei forma seg etter vekti åt den som sat. (op cit, Meikle:275)

På slutten av 1950-talet arbeide polyvinylklorid seg inn både som golvbelegg og som material for stovemøblar. Dessutan gjorde boskorger og skiten-tyskorger seg gjeldande. (op cit, Meikle:187) I dag vert sinkbyttone sedde på som museumsobjekt. På 1960-talet tok ein i bruk polypropylen til toalettsete og til stolar og bord. (op cit, Meikle:191)

Frå 1951 og nokre år frametter hadde det vorte høgste mote å nytta plastblomar på restaurantar, i hotellobbyar, på kontor og på venterom. Plastblomane var svært lette å ha med å gjera. Dei trong ikkje noko stell, dei vilde vara nær sagt æveleg, og var til og med motstandsføre mot brann. Produsentane tok utgangspunkt i verkelege blad som m.a. vart nedfrosne til låge temperaturar fyre ein tok avtrykk av dei og nytta dei til former for plastblomane.

I 1957 vart det sendt ut på marknaden eit plastjoletre. Fyremunene med plasttreet var openberre. Det var lett å setja upp og leggja saman. Det tapte seg ikkje, og det kunde brukast umatt år etter år. På tapetfronten vart det lansert tapet som skulle etterlikna stein eller murstein. (op cit, Meikle:255 og 256)

Mot slutten av 1960-talet vart det produsert fleire og fleire møblar av plast. Møblane vart laga som ei simulering av tre. Dei simulerte møblane var so like dei tradisjonelle tremøblane at det var fåe som bisna på at dei kom på marknaden. Folk i møbelbransjen tyktest å ha lite lyst til å gå ut med at det folk trudde var tre i røyndi var plast. Salsstrategi vart å snakka minst mogleg um at dei produkti dei selde var av plast.

Endå so mykje plasten vart nytta i møblar, vart plasten kanskje mest av alt nytta på stader der han ikkje var synleg. Plasten var nytta som tillegg, laminat, som barriere mot vatn eller som isolering. I dei høve der plasten vart synleg, vart han sedd på som noko skamfullt. Etterlikningane vart for utfordrande og unaturlege. Dei fall ikkje i smak.(op cit, Meikle:258 og 259)

Møblane vart meir og meir merkte av at dei var utilsørde plastprodukt. Det hadde teke tid å få møblane til å verta reine plastrmøblar. I 1971 kunde tidsskriftet Time likevel oppsummera med at på den tidi var det ikkje nokor skam å visa at møbelprodukti var av plast. Den utilsørde plasten kom då i bruk yver heile USA. Amerikanarane hadde akseptert plasten når plastprodukti vart billigare enn dei tradisjonelle produkti. (op cit, Meikle:227) Dei tradisjonelle produkti kunde no møta ei stor tevling.

Verdiane frå det tradisjonelle samfundet hang att fram til 1970-talet. Fyrst då hadde forbrukarsamfundet vorte so dominerande at den moderne mentaliteten som godtek endringar av alle slag, slo igjenom. I dag er nok motstanden og tevlingi millom plast og andre material ikkje so typisk lenger. Folk tek plasten som noko sjølvsgt og plasten vert ikkje umtala.

Målmannen treng folk som skriv høg-norsk. Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!

Attende til: Målmannen, Natland stud. by S136, 5081 Bergen

Sluttordet:

Gløym ikkje ditt eige tungemål.

Or Kongsspegelen